



## Innkalling

av

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 30.11.2015  
**Møtestad:** Formannskapssalen.  
**Møtetid:** 13:00 - 15:30

Eventuelle forfall må meldast til Margrethe Høyland per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Margrethe.Hoyland@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det skal veljast nestleiar i rådet.

### Sakliste

Saknr	Tittel
024/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/15	Godkjenning av møteprotokoll
026/15	Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst
027/15	Framlegg til planprogram for revisjon av kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og nærmiljø
028/15	Helse og omsorgsplan 2015 - 2017
029/15	Økonomiplan 2016-2019

27. november 2015

Vetlemøy Wergeland  
møteleiar

Margrethe Høyland  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.11.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/3998

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
025/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.11.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	15/3998

## Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

## Saksopplysningar:

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
071/15	Levekårsutvalet	PS	01.12.2015
026/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.11.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Kristin Moe	15/3035

## Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst

32T

Kommunedelplan for Oppvekst - planprogram etter gjennomført høyring (2)Særutskrift sak 4 - møte i SU-SKMU Myking skule 17-09-15 - uttale til høyring planprogram kommunedelplan oppvekst 2016-2019Merknad til framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 - 2019Uttale planprogram - kommunedelplan oppvekstUttale til planprogram - kommunedelplan for oppvekst 2016 - 2019

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016-2028 blir vedteke slik det ligg føre.

### Saksopplysningar: Politisk handsaming

Saks skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

### Bakgrunn

Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst har vore til høyring. Rådmannen har vurdert høyringsinnspela og utarbeidd endeleg framlegg til kommunedelplan oppvekst for 2016-2028.

### Vurdering

Rådmannen har i sitt endelege framlegg til kommunedelplan for oppvekst utvida planperioden til inntil 12 år. Dette for at planverktyet skal vere i samsvar med overordna planverkty. Kommunedelplan for oppvekst dannar med dette utgangspunktet for ein 4-årig

handlingsdel på kommunenivå og verksemdsplanar på einingsnivå/avdelingsnivå. Handlingsdelen skal rullerast årleg, og endringar i overordna planverkty kan arbeidast inn i rullert kommunedelplan for oppvekst. Rådmannen er i prosess med einingsleiarane i høve til å utarbeide felles mal for verksemdsplanar for einingane.

I samband med høyringa har det kome innspel frå SU ved Alversund skule, SU/SKMU ved Myking skule samt Utdanningsforbundet Lindås.

SU ved Alversund skule gir i sitt skriv støtte til framlegget til planprogrammet og peikar på at det er viktig at dei føresette vert godt representerte i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. SU ønskjer også at ein skal sjå nærare på etablering av eit kommunalt FAU. Dette for å ivareta dei føresette sine interesser betre både i arbeidet med denne kommunedelplanen, samt i anna arbeid det er viktig at føresette si stemme er til stades og blir høyrte.

Rådmannen er samd i at involvering av dei føresette er svært viktig i denne prosessen. Føresette har fått ein representant i prosjektgruppa og tre plassar i referansegruppa. I tillegg har rådmannen fremja sak om å etablere eit kommunalt foreldreutval for barnehagar og skular i kommunen. Denne saka er no til høyring hjå SU ved barnehagar og skular i kommunen. I fall kommunalt foreldreutval blir etablert i vår -16, vil dette utvalet vere ein naturleg samarbeidspart inn mot planarbeidet.

SU/SKMU ved den einskilde skule vil gjennom planprosessen også ha høve til å spele inn synspunkt til arbeidet til kommunalsjef for oppvekst.

SU/SKMU ved Myking skule peikar i sitt innspel på at «dette arbeidet høyrer naturleg inn under den «Strategiske delen av kommuneplanen».

Etter plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Kommunestyret i Lindås skal ha kommunal planstrategi opp som sak med det første. I denne prosessen vil ein arbeide med ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis ein skal følgje opp planen dei komande fire åra eller meir, og den skal reviderast årleg. Dette i samsvar med plan- og bygningslova § 11-1.

Når ein no set i verk arbeidet med ein kommunedelplan for oppvekst, utan at overordna kommunal planstrategi er utarbeidd for valperioden, må ein ta utgangspunkt i dei planane som i dag ligg føre. Vidare må ein ved seinare rullering av kommunedelplan arbeide inn moment frå overordna planstrategi. Samfunnsdelen i kommuneplanen vil slik danne premiss og føringar for kommunedelplan for oppvekst.

Utdanningsforbundet i Lindås har kome med innspel om at omgrepa «tidleg innsats» og «tideleg intervensjon» ikkje bør nemnast om kvarandre. I endeleg kommunedelplan vil ein definere kva ein legg i desse omgrepa, som blir brukt og oppfatta noko ulikt mellom fagområda.

Eitt anna innspel frå Utdanningsforbundet Lindås er at ordet «aktør» bør erstattast med «tilsette og mottakarar av tenestetilbodet». Etter diskusjon i prosjektgruppa vurderer rådmannen det slik at ordet aktør er meir dekkande i høve til at ein ønskjer å signalisere aktiv handling og deltaking frå alle hald (born, unge, vaksne, føresette, tilsette), og at ein difor held fast ved dette ordet også i vidare arbeid. Ordet aktør er definert i planprogrammet (barn,

unge, vaksne, føresette, tilsette).

Utdanningsforbundet kjem også med framlegg om å endre punkt 3 under Hovudpunkt 4 –Mål til «Oversikt over kommunen sine prioriteringar og tiltak skal vere lett tilgjengeleg for tilsette og mottakarar av tenester». Rådmannen er samd med Utdanningsforbundet i intensjonen om at prioriteringar og tiltak skal vere lett tilgjengeleg, men vurderer at gjeldande ordlyd «Aktørar innafor sektoren kjenner til kommunen sine prioriteringar og tiltak knytt til kvalitetsplane» er ei formulering som krev meir aktiv handling frå organisasjonen, t.d. ved at tilsette tek initiativ til at andre skal fange opp og gjere seg nytte av informasjonen.

Utdanningsforbundet kjem med framlegg om å leggje til *tilsette sine organisasjonar* i punkt 6 under Hovudmål 4 – Mål, at det ikkje bør vere elevrepresentant i prosjektgruppa samt at det bør vere med eit kulepunkt om prosess i avdelingane under underpunkt 2 medverknad. Rådmannen støttar desse framlegga, og har arbeidd det inn i justert framlegg til planprogram. I høve til elevrepresentantar i prosjektarbeidet, rår rådmannen til at det ungdomsråd og elevråd ved ungdomsskulane i kommunen kan fungere som ei referansegruppe. Dette i tillegg til ei tverrfagleg samansett referansegruppe og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, som også er sett opp som referansegruppe for prosjektet.

I høve til representantar i referansegruppa, ber Utdanningsforbundet om at dei blir peika ut i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane. Rådmannen rår til at dette blir handsama i einingane, samt at leiarane ser til at denne prosessen vert handsama i dialog med trepartsgruppa lokalt.

Rådmannen har gått gjennom høyringsinnspela med deltakarane i prosjektgruppa og konkluderer så langt med at dei justeringane som er gjort i planprogrammet har vore med på å spisse formuleringane til det betre. Rådmannen vurderer det slik at ein kan ta til med prosess for å utarbeide framlegg til kvalitetsplan for oppvekstsektoren.



LINDÅS KOMMUNE

# KOMMUNEDELPLAN FOR OPPVEKST 2016 - 2028

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM 19. NOVEMBER 2015



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



## Innhald

1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringer for planarbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensing av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift



## 1. Bakgrunn for planarbeidet

Det å samle dei respektive fagmiljøa i oppvekstsektoren, har vore eitt av dei første tiltaka i kommunen sitt overordna organisasjonsprosjekt «Lindås 2019». For sektoren sin del, resulterte dette i at ein i 2014/15 har arbeidd med prosjektet Organisering av område Oppvekst. Dette prosjektet er no slutført, og ein har hausta mykje god informasjon om stoda i kommunen i høve til kvalitetsarbeid og opplevingar av styrke/utviklingspotensiale.

I prosjektporteføljen, som er lagt til prosjekt «Lindås 2019», er det å få utarbeidd ein kvalitetsplan for oppvekst lagt inn med start august 2015. Prosjektet er forankra i rådmannen si leiargruppe, med levekårsutvalet som politisk styringsgruppe.

Det er behov for å sjå samla på fagområda innafor sektoren, slik at ein kan definere og prioritere tiltak i eit tverrfagleg perspektiv med tidleg intervensjon samt heilskap i tenestetilbodet som målsetjing. Dette ligg til grunn både for val av organisasjonsmodell og nytt organisasjonskart. Frå 1.8.15 femner oppvekstområdet i Lindås kommune om skular, barnehagar, PPT, barnevern og helsestasjonen inkludert jordmortenesta.

## 2. Føremål

Kommunedelplanen er eit politisk dokument og styringsverktøy for å oppnå målsetjinga kommunen har i høve til området. Kommunedelplanen er eit verktøy både for dagleg og langsiktig arbeid og skal vere eit konkret arbeidsverktøy for politisk handsaming av saker som vedkjem oppvekstsektoren.

Det skal i denne prosessen utarbeidast ein kommunedelplan (kvalitetsplan) for oppvekst, som synleggjer behov og prioriterte tiltak i ein periode på inntil 12 år. Kvalitetsplanen dannar utgangspunktet for ein 4-årig handlingsdel på kommunenivå og verksemdsplanar på einingsnivå/avdelingsnivå. Handlingsdelen skal rullerast årleg.

Kommunedelplanen skal til politisk handsaming haust-16.

Gjennom planarbeidet skal ein sikre god forankring gjennom medverknad både frå innbyggjarar, aktørar som deltek i sektoren til dagleg, tilsette og interesseorganisasjonar.

## 3. Føringer for planarbeidet

Planarbeidet tek utgangspunkt i Lindås kommune sin samfunnsdel i kommuneplanen, og vil sjå innhaldet i denne i samanheng med statlege føringer knytt til feltet (Lov om barnehagar,

lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa, lov om barneverntenester, lov om kommunale helse- og omsorgstenester, lov om vern mot smittsame sjukdomar, lov om planlegging og byggesaksbehandling).

## 4. Mål

Effektmål ein ønskjer å oppnå gjennom planprosessen:

1. Lindås kommune har heilskapleg oversyn over stoda; styrke, utfordringar og behov i høve til tenestetilbodet innafor oppvekstsektoren.
2. Lindås kommune har prioritert tiltak innafor sektoren med fokus på tverrfagleg samarbeid og tidleg intervensjon.
3. Lindås kommune har ein heilskapleg innsats i høve til prioriterte utvikingsområde.
4. Lindås kommune har gjennom medverknad både frå tilsette, tilsette sine organisasjonar og mottakarar av tenestetilbodet i prosessen, lagt grunnlag for eigarskap til tiltak og prioriteringar i kvalitetsplanen.

## 5. Tema og avgrensing av innhald

I prosessen inngår det å utarbeide ein Kvalitetsplan for oppvekst i Lindås kommune, som skal erstatte tidlegare kommunedelplanar for fagområda.

Kvalitetsplanen skal gjennom planprosessen ta utgangspunkt i prioriteringar i overordna planstrategi for kommunen, inn mot samfunnsdelen i kommuneplanen.

Kvalitetsplanen skal ha fokus på det faglege innhaldet i tenestetilbod innafor oppvekst, og vil ikkje omhandle byggtekniske kvalitetar. Prioriteringar inn mot bygg må vurderast i samband med prosess knytt til økonomiplanen.

## 6. Planprosess og medverknad

### 1. Organisering

Politisk styringsgruppe:	Levekårsutvalet
Administrativ styringsgruppe:	Rådmannen si leiargruppe
Prosjektansvarleg:	Organisasjonssjef
Prosjektleder:	Kommunalsjef oppvekst
Prosjektgruppe:	Einingsleiarar: Barnevern, helse, skule og barnehage

	Leiar for PPT Kommuneoverlege Representant for tilsette (HTV) Representant for føresette (FAU-representant)
Referansegruppe 1:	Representant(ar) for leiarar oppvekst, tilsette oppvekst, stab oppvekst, føresette oppvekst/FAU, barn/unge oppvekst/elevråd/ungdomsråd, kultur og idrett, private barnehagar/skular, kommunepsykolog barn/unge samt Bup
Referansegruppe 2:	Ungdomsråd/Elevråd ungdomsskulane i Lindås
Referansegruppe 3:	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

## 2. Medverknad

I prosessen legg ein opp til stor grad av medverknad frå ulike aktørar som har interesse av innhaldet i planarbeidet.

- Rådsorgana i barnehage og skule skal sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel undervegs i prosessen
- Aktørar innafor oppvekstsektoren skal sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel undervegs
- Gjennom planprosessen skal tilsette involverast i arbeidet, gjennom personalmøte, drøftingsmøte og møte i «trepartsgruppa» (tillitsvald- verneombod og leiar) ved avdelinga
- Deltakarane i prosjektgruppa må bruke referansegruppene aktivt undervegs

## 3. Høyring

Framlegg til planprogram har vore til høyring i samsvar med plan og bygningslova §§ 11-4 og 11-5, og vart sendt til alle avdelingane under oppvekst, lagt ut på heimesida til kommunen samt i ekspedisjonen på rådhuset. I tillegg vart planarbeidet kunngjort i dei to lokalavisene i regionen.

Gjennom høyringsperioden kom det inn tre innspel til framlegg til planprogrammet, som alle er vurdert i samband med fastsetjing av endeleg planprogram.

## 7. Framdrift

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan (Kvalitetsplan oppvekst):

Aktivitet	Haust 2015	Vår 2016	Haust 2016
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	24.9		
Framlegg til planprogram – politisk handsaming	1.9		
Offentleg kunngjering	5.9		
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	23.10		
Planprogram – rådmannen si innstilling	17.11		
Vedtak av planprogram – politisk handsaming	1.12		
Framlegg til Kvalitetsplan oppvekst – rådmannen si innstilling		1.3	
Framlegg til Kvalitetsplan oppvekst – politisk handsaming		15.3	
Høyringsperiode – Framlegg til Kvalitetsplan oppvekst		18.3-29.4	
Kvalitetsplan oppvekst – rådmannen si innstilling			16.8
Vedtak av Kvalitetsplan oppvekst – politisk handsaming			30.8



LINDÅS KOMMUNE  
Myking skule

Lindås kommune, rådmannen.  
Rådhuset -Kvernhusmyrane 41  
5100 ISDALSTØ

**Særutskrift av sak 4 frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet (SU/SKMU) ved Myking skule 17.09.2015.**

**Uttale til høyring «Planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 – 2019.**

Levekårsutvalet i Lindås kommune gjorde 01.09.2015 vedtak om å sende framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 – 2019 ut på høyring.

**Vedtak: Su/SKMU meiner at dette arbeidet høyrer naturleg inn under den Strategiske delen av kommuneplanen.**

Rett utskrift 21.09.2015

Nils Kvalvågnes  
(referent for SU/SKMU)

---

**Fra:** Leif Bjørnar Hopland  
**Sendt:** 15. oktober 2015 09:06  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Merknad til framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016-2019

Postmottak Lindås

Referanser: Saksbehandlar: Dato:  
Dykkar: Leif Bjørnar Hopland 15.10.2015  
Vår: 15/2955 - 15/32189 leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

## Merknad til framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016-2019

Viser til høyring – Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016-2019.

SU ved Alversund støttar framlegget til planarbeidet som ligg til grunn for kommunedelplanen for å oppnå dei målsetjingane kommunen har sett seg.

SU ved Alversund skule ønskjer å presisera at det er viktig at føresette vert godt representert i det vidare arbeidet kring kommunedelplanen.

SU ønskjer at ein skal sjå nærare på etableringa av eit kommunalt FAU. Dette for å ivareta føresette sine interesser på ein betre måte både i arbeidet med denne kommunedelplanen, samt i anna arbeid der det er viktig at føresette si stemme er til stades og blir høyrte.

For SU Alversund skule

Leif Bjørnar Hopland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakrar:**

Postmottak Lindås



---

**Fra:** Utdanningsforbundet Lindås <post@Lindås.utdanningsforbundet.no>  
**Sendt:** 17. oktober 2015 14:16  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Uttale planprogram - kommunedelplan oppvekst  
**Vedlegg:** Uttale planprogram -kommunedelplan oppvekst 16-19.pdf

Vedlagt Utdanningsforbundet Lindås sin uttale til planprogram for kommunedelplan for oppvekst 2016-2019.

mvh

Laila Rydland  
leiar, Utdanningsforbundet Lindås

## Uttale til planprogram for kommunedelplan for oppvekst 2016-2019

Utdanningsforbundet Lindås har følgjande merknadar og kommentarar til planprogrammet:

### Hovudpunkt 1 – Bakgrunn for planarbeidet:

I planprogrammet nyttast både omgrepa «tidleg innsats» og her i pkt. 1 «tidleg intervensjon». Desse omgrepa bør ikkje nemnast om kvarandre, i alle fall ikkje utan ei forklaring (definisjon) på kva omgrepa tyder.

### Hovudpunkt 4 – Mål:

Underpunkt 3 og 4: Ordet «aktør» bør erstattast med «tilsette og mottakarar av tenestetilbod». Det harmonerer betre med formuleringa i underpkt.5.

Underpunkt 3: Oversikt over kommunen sine prioriteringar og tiltak skal vere lett tilgjengeleg for tilsette og mottakarar av tenester.

Underpunkt 6: Vi ønskjer at setninga skal vere «Lindås kommune har gjennom medverknad både frå tilsette, *tilsette sine organisasjonar* og mottakarar av tenestetilbodet, lagt.....».

### Hovudpunkt 6 – Planprosess og medverknad:

- Deltakarar i prosjektgruppa bør både samla og kvar for seg ha god kjennskap til oppvekstsektoren. Utdanningsforbundet Lindås har vanskeleg for å sjå at ein elevrådsrepresentant vil kunne ha slik kjennskap.
- Representantar for dei tilsette i referansegruppa må fordelast mellom dei ulike yrkesgruppene innanfor fagfelta. Utpeiking av representantar bør gjerast av, eller i samråd med, arbeidstakarorganisasjonane. Det blir ikkje rett om leiarar einsidig peikar ut kven som skal representere dei tilsette.
- Underpunkt 2 bør ha med eit kulepunkt om prosess i avdelingane i sektoren. Det er naturleg at aktuelle problemstillingar knytt til dette prosjektet blir tatt opp i personalmøte, drøftingsmøte og møte i trepartsgruppene. Dette er fora som ikkje kjem inn under «rådsorgana i barnehage og skule».

Når det gjeld medverknad frå dei tilsette sine organisasjonar, meiner Utdanningsforbundet Lindås at denne har vore mangelfull i forkant av dette kvalitetsprosjektet. Kommunen har i over eit halvt år hatt gåande eit anna prosjekt, BTI – Betre Tverfagleg Innsats, som skal vere ein viktig premissleverandør inn mot kvalitetsprosjektet. BTI-prosjektet er ikkje gjort kjent for dei tilsette sine organisasjonar, og organisasjonane er utelatt frå medverknad. Utdanningsforbundet krev at arbeidstakarorganisasjonane blir informert om, og får innpass i BTI-prosjektet snarast.

Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
068/15	Levekårsutvalet	PS	01.12.2015
027/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.11.2015
	Eldrerådet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øyvind Stang	15/3911

## Framlegg til planprogram for revisjon av kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og nærmiljø

32T

Framlegg til planprogram for revisjon av kommunedelplan for Idrett, friluftsliv og nærmiljø

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vedlagt utkast til planprogram vert sendt ut på høyring med høyringsfrist satt til 18.01 2016

.....

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

Saks skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet

### Bakgrunn

### Sjå vedlegg

### Vurdering

**Sjå vedlegg**

.....

Revisjon av kommunedelplan for Idrett,  
friluftsliv og nærmiljø

2013-2023

Framlegg til planprogram

09.11.15



# Innhald

1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringer for planarbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensing av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift

## 1. Bakgrunn for planarbeidet

Lindås kommune utarbeidde sin første «kommunedelplan for anlegg og område til idrett og fysisk aktivitet» i sept. 1993. Planen har våre revidert jamnlig siden det.

Gjeldane kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø vart vedteke i 2013. Det vart i 2012 kjørt ein omfattande prosess der det var lagt opp til høg grad av medverking frå innbyggjarane i arbeidet med å utforme planen.

Skuleutbygging og nye behov for anlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet, gjer at det er behov for å justere gjeldande plan. Det er og formålstenleg med ei prioritering av kva anlegg ein ynskje å realisere fyrst. Slik planen føreligg i dag er det ikkje gjort ei slik prioritering.

## 2. Føremål

Kommunedelplanen skal vere eit styringsverktøy for å oppnå målsetjinga kommunen har for fagområdet. Den skal gje føringer for politisk handsaming av saker som vedkjem idrett, friluftsliv og nærmiljø på kort og lang sikt.

Gjennom planarbeidet skal ein sikre god forankring gjennom medverknad både frå innbyggjarar, tilsette og lag/ organisasjonar.

## 3. Føringer for planarbeidet

Planarbeidet tek utgangspunkt i samfunnsdelen i kommuneplanen, og vil sjå innhaldet i denne, i lys av statlege føringer.

## 4. Mål

Effekt mål ein ynskjer å oppnå ved å revidere gjeldande plan:

1. Lindås kommune har heilskapleg oversyn over stoda; styrke, utfordringar og behov i høve til tenestetilbodet innafor idrett, friluftsliv og nærmiljø.
2. Lindås kommune har ei oppdatert oversikt over anlegg og behov for rehabilitering, på fagområdet.
3. Lindås kommune har eit oppdatert handlingsprogram med oversikt over framtidige anlegg ein ynskjer å realisere. Det er gjort ei prioritering av rekkefølga på kva anlegg som skal realiserast først, med kalkyle for kostnader og finansiering knytta til realisering av tiltaka.
4. Medverknad og innvolvering har lagt grunnlag for eigarskap til tiltak og prioriteringar i planen, for politikarar, innbyggjarar og lag og organisasjonar.

## 5. Tema og avgrensing av innhald

I planprosessen vil det vere fokus på å justere handlingsdelen i vedteken plan. Eit nytt og viktig moment vil vere at vi søkjar å prioritere tiltaka i handlingsprogrammet.

Det vil og verta vurdert om det kan gjerast grep for at heile planen skal verta meir lettlest og brukarvenleg.

## 6. Planprosess og medverknad

### 1. Organisering

Politisk styringsgruppe:	Levekårsutvalet
Administrativ styringsgruppe:	Rådmannen si leiargruppe
Prosjektansvarleg:	Assisterande rådmann
Prosjektleiar:	Einingsleiar for kultur og aktivitet
Prosjektgruppe:	Fagleiar idrett og grønt Kulturkonsulent / barnas representant Idrettsrådet Representant frå planavdelinga Representant for tilsette (HTV)
Referansegruppe:	Representant for leiarar oppvekst Frivilligsentralen Kommuneoverlegen

Ungdomsrådet  
 Representant for eigeidom  
 Representant for planavdelinga  
 Foreldre representant  
 Eldrerådet  
 Rådet for menneske med nedsattfunksjonsevne  
 Kulturrådet  
 BOF  
 Nordhordland Turlag

## 2. Medverknad

I prosessen legg ein opp til stor grad av medverknad.

- Idrettsrådet vil vere ein viktig aktør i prosessen. Dei vil vere eit bindeledd og talerøyr for lag og organisasjonar.
- Media vil nyttast for å gjere planarbeidet kjent.
- Det vil bli avhaldet folkemøter for å få innspel til planarbeidet.
- Prosjektgruppa vil involvere referansegruppa fortløpande i planprosessen.

## 3. Høyring

Høyringsdokument vert sendt ut til alle lag og organisasjonar som sorterar under idrett i kommunen sin oversikt. Dokumentet vil og verta lagt ut på heimesida til kommunen samt i ekspedisjonen på rådhuset. I tillegg vert planarbeidet kunngjort i dei to lokalavisene i regionen. Høyringsfristen er sett til 6 veker. Dette i samsvar med plan og bygningslova §§ 11-4 og 11-5.

## 7. Framdrift

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan:

Aktivitet	Haust 2015	Vår 2016	Haust 2016
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	18.11		
Framlegg til planprogram – politisk handsaming	1.12		
Offentleg kunngjering	7.12		
Frist for merknader og innspel til planprogrammet		18.01	
Planprogram – rådmannen si innstilling		3.02	
Vedtak av planprogram – politisk handsaming		16.02	
Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – rådmannen si innstilling		27.05	
Framlegg til Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – politisk handsaming		7.06	



Høyringsperiode – Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø		01.08 – 12.09	
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – rådmannen si innstilling		28.09	
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – politisk handsaming, levekårsutvalet		11.10	
Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø – politisk handsaming, kommunestyret		27.10	

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.11.2015
	Eldrerådet	PS	
057/15	Levekårsutvalet	PS	01.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	15/568

## Helse og omsorgsplan 2015 - 2017

32T

Helse- og omsorgsplan 2015 - 2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Helse- og omsorgsplanen vert teke til orientering.

### Levekårsutvalet - 057/15

#### LE - behandling:

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte til saka.

Fagplan helse- og omsorg vert teke til orientering.

Samrøystes.

#### LE - vedtak:

Fagplan helse- og omsorg vert teke til orientering.

### Saksopplysningar:

## **Politisk handsaming**

Helse- og omsorgsplanen vert i denne omgang lagt fram som ei orientering.



## Innhald

1.	Innleiing .....	4
2.	Planføresetnader .....	4
2.1.	Nasjonale .....	4
2.2.	Lokale .....	5
3.	Status og utfordringar .....	5
3.1.	Demografi .....	5
3.2.	Kompetanse rekruttering .....	6
3.3.	Økonomiske rammer .....	6
3.4.	LEON .....	6
3.5.	Brukargrupper .....	7
3.5.1.	Personer med funksjonsnedsetting og utvikling av sjukdom .....	7
3.5.2.	Demente .....	7
3.5.3.	Personer med utviklingshemming .....	7
3.5.4.	Personer med psykiske- og/eller rusproblem .....	8
3.5.5.	Personer med somatiske skader og sjukdom .....	8
3.5.6.	Personer med behov for sosial-, psykososial- og medisinsk habilitering og rehabilitering .....	9
3.5.7.	Personer med sjukdom som ikkje kan leges og som har kort forventet levetid (Lindrande behandling) .....	9
3.6.	Allmenntilleggsmedisin .....	9
3.6.1.	Fastlegeordninga .....	9
3.6.2.	Legevakt .....	9
3.6.3.	Sjukeheim .....	9
3.7.	Samfunnsmedisin .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
3.8.	LEON .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
3.9.	Tilgjenge .....	10
3.10.	Kompetanse .....	10
3.11.	Partnerskap med familie og lokalsamfunn .....	10
3.12.	Samhandling .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
4.	Mål .....	10
4.1.	Hovudmål .....	10
5.	Strategiar .....	10
5.1.	Strategiar i forhold til hovudmål .....	10
5.1.1.	Ansvar for egen helse .....	10

5.1.2.	Mestre sjukdom.....	11
5.1.3.	Mestre eige liv .....	11
5.1.4.	Trygge og helsefremmande butilhøve .....	11
5.1.5.	Føreseielege tenester .....	11
5.1.6.	Heilskaplege tenester .....	11
6.	Tiltak .....	12
6.1.	Tiltak for å følgje opp strategiar for å nå måla .....	12
6.1.1.	Ansvar for egen helse .....	12
6.1.2.	Mestre sjukdom.....	12
6.1.3.	Mestre eige liv .....	12
6.1.4.	Trygg og helsefremmande butilhøve .....	12
6.1.5.	Heilskaplege og føreseielege tenester .....	13
6.1.6.	Tverrfaglig forpliktande arbeid.....	13
7.	Vedlegg1: Nasjonale rammer og føresetnader – m.a.: .....	14

## 1. Innleiing

Denne planen er basert på grunnlagsmaterialet som er utarbeidet i ein planprosess som starta i 2013. Endeleg vedtak av planen skulle skje tidleg på hausten 2014. Planen vart ikkje ferdig innan den opphavlege fristen og vart av ulike årsaker ytterlegare utsett.

Planen slik den føreligg nå har ikkje vert på ein formell høyringsprosess etter Plan- og bygningslova. Planen kan difor ikkje i første omgang vedtakast som ein kommunedelplan. Det vart tilråd at planen får status som fagplan inntil det nye kommunestyre kan vedta ein oppdatert plan i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova.

Eit nytt planarbeid bør starte opp hausten 2016. Dette vert å komme attende til for nytt kommunestyret ved vedtak av planstrategi for neste valperiode.

Ein oppdatering av planen i neste kommunestyreperiode må ta opp i seg nye og endra føringar frå sentrale myndigheiter.

## 2. Planføresetnader

### 2.1. Nasjonale

Følgjande rettleiarar, stortingsmeldingar og NOU 'ar ligg til grunn for planen:

- Stortingsmelding nr. 25 (2005-2006): «Mestring, muligheter og mening»
- Rettleiar IS-1162: «... og bedte skal det bli. – Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i Sosial- og helsetjenesten»
- Stortingsmelding nr. 47 (2008 -2009) Samhandlingsreformen
- Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011 – 2015
- NOU 2011:11: «Innovasjon i omsorg»
- NOU 2011:17: «Når sant skal sies om pårørendeomsorg — Fra usynlig til verdsatt og inkludert»
- Stortingsmelding nr. 29 (2012-2013): «Morgendagens omsorg»  
-----
- Stortingsmelding nr. 26 (2014-2015): Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet
- Omsorg 2020
- Stortingsmelding nr. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter
- Demensplan 2020

Overordna gjev desse dokumenta følgjande hovudføringar for planen:

- Brukarfokus
  - Brukarmedverknad
  - Gode pasientforløp
  - Samhandling – samarbeidsavtaler
  - Legge til rette for tenlege samhandlingsarenaer mellom tenester og forvaltningsnivå
- Hjelp til sjølvhjelp:
  - Helsefremmende og –førebyggjande arbeid
  - Tidlig innsats - habilitering og rehabilitering

- Teknologistøtte til omsorg - velferdsteknologi
- Bustadløysningar og nærmiljø
- Kompetanse
- Partnerskap med familie og lokalsamfunn

De nasjonale planføresetnadene er strategiar og fokusområder som skal vise igjen i denne planen.

For ein meir detaljert oppsummering av dei nasjonale føringane, sjå vedlegg 1.

## 2.2.Lokale


- Kommuneplan
  - Helsefremmende og førebyggjande tiltak.
  - Habilitering og rehabilitering
  - LEON
  - Heilskapleg omsorgstrapp
  - Heilskapleg bustadpolitikk/bustadsosial handlingsplan
  - Aktivitetstilbod for eldre i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
  - Helsestasjon for eldre

De lokale planføresetnadene er fokusområde som planen må behandle.

## 3. Status og utfordringar

### 3.1. Demografi

Demografi er ikkje ein utfordring i et fireårsperspektiv. Hovudutfordringa kjem mellom 2025 og 2030 og må løysast gjennom eit planarbeid i en ny kommune i valperioden 2019 – 2023. Det vil ikkje bli foreslått tiltak i denne planen.





### 3.2. Kompetanse rekruttering

Dei økonomiske rammene for Lindås kommunen vil sannsynleg bli trongare i åra som kjem. Demografiutviklinga dei næraste åra er synt ovanfor. For dei nærmaste åra vil rekruttering ikkje være ein større utfordring en det det har vert dei siste åra.

I eit lenge fokus bør kommunen ha klare strategiar for korleis ein skal kunne rekruttere når eldrebølgja kjem og sikre tilstrekkeleg kompetanse hos alle tilsette. Dette vert ikkje løyst i denne planen.

Lindås kommune har egne planer for kompetanseutvikling og rekruttering.

### 3.3. Økonomiske rammer

#### STATUS:

Samla har Lindås kommune høge utgifter innanfor helse- og omsorgsområdet. Dette kan kommunen ha som følgje av høge inntekter frå eigedomsskatt.

Lindås kommune bruker relativt mye kostnader på ressurskrevjande brukarar.

#### UTFORDRING:

Kommunen står framfor store investeringsbehov og ønskjer å ta ein meir aktiv rolle ift samfunnsutvikling. For å få dette til må driftsrammene bli innan helse- og omsorgssektoren ned på eit nivå på linje med landsgjennomsnittet.

### 3.4. LEON

Fordelinga av ressursar mellom de ulike trinna i helse- og omsorgstrappa er avgjerande for effektiv utnytting av LEON-prinsippet. Prinsippet inneber at behandling og tenestetilpassing skal skje på Lavast Effektive Omsorgsnivå. Helse- og omsorgstrappa illustrerer ulike nivå i tenestene. Korleis desse er dimensjonert og fungerer er avgjerande for både kvalitet for brukarane og kostnadseffektiv utnytting av dei kommunale ressursane. Brukarane skal gis eit tilbod som er tilpassa behov.

Det vert lagt vekt på at brukarane skal kunne bo i eigen heim så lenge som mulig, og at man skal kunne bevege seg mellom nivåa på ein fleksibel måte, og at det i bruken av trappa vert fokusert på mestring, moglegheiter og førebygging. Det førebyggjande og helsefremmende perspektivet må implementerast i forhold til grupper og individ i heile tiltakskjeda som trappa representerer.

Kommunane gir tre hovudtilbod. Eit helsetilbod, praktisk bistand og tilrettelagt bustad. Desse tilboda heng ikkje saman 1:1. Nokre brukarar kan ha behov for tilrettelagt bustad og praktisk bistand utan å ha behov for helsetenester i stor grad. Andre kan ha behov for eit helsetilbod som brukaren kan få dekt heime.

#### STATUS:

- Lindås kommune løyser gjennomgåande behova til brukarane på eit for høgt nivå i omsorgstrapp. Særleg på eldre vedtak.
- Lindås kommune ligg til grunn i den løpande tildelinga av tenester at helse- og omsorgsteneste skal løysast på det lågaste effektive omsorgsnivå (LEON).

- Bustadmassen er tilstrekkeleg utbygd til å kunne gjennomføre LEON-prinsippet i den øvrige tenesteytinga. Dette gjeld fram mot 2025.

**UTFORDRING:**

- Forankre kvaliteten i tilbodet som vert gitt på alle nivå i trappa hos brukarar og pårørande.
- Sikre tilstrekkeleg dialog mellom dei ulike interne aktørane som sikrar tilstrekkeleg skreddarsaum til at brukarar får sine behov dekkja på ein god måte.

### 3.5. Brukargrupper

#### 3.5.1. Personer med funksjonsnedsetting og utvikling av sjukdom

**FAKTA:**

- Stadig fleire ønskjer å bo i eigen heim så lenge som mulig.
- Mange lever lenger med sjukdomar som medfører aukande hjelpebehov.
- Tal brukarar under 67 år aukar i høve folketalet.
- Veksten i tal friske over 67 år representerer ein ressurs.

**UTFORDING:**

- Vri tenesta frå behandling til førebygging og tidlig intervensjon.
- Legge tenestene til rette i høve tilgjenge, valfridom, kvalitet, brukarmedverknad.
- Tilpasse bustader med universell utforming til fordel for både brukarar, pårørande og tenesteutøvarar.
- Skape auka tryggleik, effektivitet, kvalitet og møte veksten i brukargruppene. (Omsorgsteknologi)
- Redusere behovet for hjelp, og auke den enkeltes mestringsnivå. (Kvardagsrehabilitering)
- Gi tilstrekkeleg opplæring av og anna støtte til brukarar og pårørande for at brukar skal mestre livet med sjukdom eller funksjonsnedsetting.

#### 3.5.2. Demente

**FAKTA:**

- 40 % av eldre over 90 år blir rammet av demens.
- 80 % av bebuarar på sjukeheim har en demenssjukdom
  - Få korttids- og avlastningsplasser
  - Få dagplassar

**UTFORDRINGER:**

- Kartlegging/tidleg innsats
- Tilrettelegging av eigen bustad
- Tilrettelagde omsorgsbustader
- Dagtilbod
- Kompetanse
- Organisering av heimetenestene i trå med dei spesielle behova demente har.

#### 3.5.3. Personer med utviklingshemming

**FAKTA:**

- Høge utgifter ift andre kommunar.
- Samansetning av brukargrupper i bufellesskap lite hensiktsmessig

- Fragmentert arbeids- og aktivitetstilbod.
- Leilegheit i bufellesskap er den dominerande buforma.

**UTFORDING:**

- Fokus i for stor grad på manglar og problem heller enn på ressursar og moglegheiter.
- Klare å setje saman meir homogene brukargrupper i bufellesskapa, dvs. personar med likt behov for tenester og tilrettelegging
- Evne å gi gode tenester til personar med utviklingshemming og utfordrande åtferd/psykiske lidingar
- Legge til rette for eit arbeids- og aktivitetstilbod tilpassa kvar einskild brukar.
- Legge til rette for at dei som meistrar det, skal kunne bu i eigen leilegheit med tenester i form av rettleiing og omsorgsteknologi

### 3.5.4. Personer med psykiske- og/eller rusproblem

**FAKTA:**

- Psykisk plager og rusproblematikk er blant dei største helseutfordringane i landet
- Vekst i brukargruppa
- Tidleg utskrivning frå spesialisthelsetenesta
- Betalingsplikt for utskrivingsklare brukarar frå 2017
- Har 12 bustader med heildøgns bemanning innan psykisk helse
- Reduksjon av langtidspsykiatriske sengeplassar gir kortare liggetid på sjukehus
- Større kommunalt ansvar for brukarar med omfattende psykisk helse- og rusproblematikk

**UTFORDING:**

- Arbeid- og aktivitet som ledd i og mål for behandling
- Rutinar for samhandling av gode og ulike pasientforløp (rettleiar: saman om meistring)
- Kompetanse til å handtere brukarar med alvorlig og samansette problem .
- Tilpassa , differensiert bustadmasse til målgruppa.

### 3.5.5. Personer med somatiske skader og sjukdom

**FAKTA:**

- Stadig fleire ønskjer å bo i eigen heim så lenge som mulig.
- Mange lever lenger med sjukdomar som medfører aukande hjelpebehov.
- Auke av brukargrupper under 67 år.

**UTFORDING:**

- Klare å vri tenesta mot førebygging og tidlig intervensjon.
- Rekruttere og behalde fagkompetanse for å kunne ta imot brukarar med omfattande hjelpebehov.
- Skape økt trygghet for brukarar og samtidig møte krav om auka effektivitet og betre kvalitet.
- Redusere behovet for hjelp, og auke den enkelte sitt mestringsnivå.

### **3.5.6. Personer med behov for sosial-, psykososial- og medisinsk habilitering og rehabilitering.**

**FAKTA:**

- Tidlig innsats for styrking av eigenomsorg
- Tverrfaglig samarbeid

**UTFORDING:**

- Tilstrekkelege ressursar til tverrfaglig rehabilitering i brukar sin heim
- Kommunal rehabiliteringsinstitusjon utanfor sjukeheim

### **3.5.7. Personer med sjukdom som ikkje kan leges og som har kort forventa levetid (Lindrane behandling)**

**FAKTA:**

- Kommunen skal legge til rette for lindrande behandling i brukar sin heim/sjukeheim
- Stilles krav til at kommunane har kompetanse til brukargruppa
- Ressurssjukepleiar i 40 % stilling

**UTFORDING:**

- Manglar øyremarka senger
- Samhandling og ivaretaking av pårørande
- Mangel på fagressursar til å kunne gi tenester i brukar sin heim

## **3.6. Allmenmedisin**

### **3.6.1. Fastlegeordninga**

**FAKTA:**

- Ca 14 000 listeplasser totalt på fastlegelistene i kommunen

**UTFORDING:**

- At fastlegene bidrar meir i helsefremjande og førebyggjande arbeid
- Sårbarhet i høve å ta heilskapleg ansvar for kontoret sine pasientar og svekka fagleg robusthet ved små fastlegekontor.
- God nok rekruttering til ledige/nyoppretta fastlegeheimlar

### **3.6.2. Legevakt**

**FAKTA:**

- Felles legevakt i Nordhordland
- Lindås kommune er vertskommune

### **3.6.3. Sjukeheim**

**FAKTA:**

- Kommunen har 110 sjukeheimplassar (september 2015)
- I 2015 har kommunen hatt ledige plasser på sjukeheimen
- I 2015 har kommunen ikkje hatt utskrivingsklare pasientar på sjukehus
- Kommunen har differensierte sjukeheimplassar

**UTFORDING:**

- Spisse tenesta og kompetansen mot aktuelle brukargrupper.
- Samsvar mellom kommunen sine tenester og brukarane sine behov.

### 3.7. Tilgjenge

**FAKTA:**

Lindås kommune legg til grunn at helse- og omsorgstenestene skal ytast nærast mulig bruker så langt dette er økonomisk og faglig forsvarlig.

### 3.8. Kompetanse

**UTFORDING:**

- Rekruttere, behalde og utvikle fagkompetanse for å kunne ta imot brukarar med omfattende hjelpebehov.

### 3.9. Partnerskap med familie og lokalsamfunn

- Samarbeid med frivillig og privat sektor.
- Samarbeid med pårørande og pårørande sitt omsorgsarbeid.
- Veksten i tal friske over 67 år representerer ein ressurs.

## 4. Mål

### 4.1. Hovudmål

Helse- og omsorgstenesta skal bidra til å styrke enkeltmenneskar si evne til å mestre eige liv gjennom at:

- innbygarane tar ansvar for egen helse, mestrer sjukdom og eige liv
- innbygarane har en trygg og helsefremjande butilhøve
- innbygarane mottar føreseielege og heilskaplege tenester

## 5. Strategiar

### 5.1. Strategiar i forhold til hovudmål

- Legge til rette for å bu lengst mogleg i eigen heim
- Utvikle differensierte og individuelt tilpassa tenester
- Tidlig innsats
- Kompetanseutvikling
- Samle fagkompetanse
- Ta i bruk nye arbeidsmetodar og nye faglige tilnærmingar
- Aktiv omsorg
- Ein eventuell vekst i pleie og omsorg skal kome i heimetenesta

#### 5.1.1. Ansvar for egen helse

- Kommunen legg til rette for at den enkelte kan ta sunne val og prioritere fysisk aktivitet.
- Dokumentere og informere om utviklinga av helsa til innbygarane og kvaliteten på helse- og omsorgstenestene.

- Prioritere førebyggjande tiltak med dokumentert effekt.
- Systematisk informasjon til innbyggjarane om tiltak som kan settast i verk av den enkelte
- Utvikle tenesta i lag med brukar og pårørande

### **5.1.2. Mestresjukdom**

- Kompetanseutvikling hos de tilsette
- Utvikle lærings- og mestringskompetanse hos brukar
- Tverrfagleg og tverretatleg samarbeid
- Lage heilskaplege pasientforløp

### **5.1.3. Mestres eige liv**

- Utnytte potensialet i omsorgsteknologi
- Auke innsatsen av kvardagsrehabilitering.
- Legge til rette for aktivitet i kvardagen gjennom å utvikle sosiale møteplasser .
- Sterkare involvering av pårørande og frivillige.

### **5.1.4. Trygge og helsefremmande butilhøve**

- Skape trygghet i eigen heim

### **5.1.5. Føreseielege tenester**

- Dynamisk tilpassing av kapasitet i tenestetilbodet
- Sikre systematisk og koordinert samhandling mellom deltenestene
- Utvikle fag, leiing, ny teknologi, styringsverktøy

### **5.1.6. Heilskaplege tenester**

- Samlokalisering av 1. og 2. linjetenesta i nytt helsehus
- Utarbeide heilskaplege pasientforløp
- Etablere regionale nettverk mellom kommunane i Nordhordland i samarbeid med 2. linjetenesta.
- Sørgje for at ansvar for tverrfaglig samarbeid er tydelig plassert i linja i ny organisering.

### **5.1.7. Folkehelse**

- Starte opp arbeid med folkehelseplan hausten 2015.
- Integre tiltak frå folkehelseplanen i andre planer.

### **5.1.8. Samfunnsmedisin**

- Utvikle eit kompetansesenter innanfor rammene av helsehus og innanfor gjeldane økonomiske rammer.

## 6. Tiltak

### 6.1. Tiltak for å følge opp strategiar for å nå måla

#### 6.1.1. Ansvar for egen helse

- Frisklivsentral/frisklivstilbod
  - Vert vurdert i arbeid med folkehelseplan.
- Utvikle brukarperspektivet

#### 6.1.2. Mestresjukdom

- Institusjonsrehabilitering utanfor sjukeheim
  - Vert etablert i helsehuset.
  - Søke samarbeid med kommunane i Nordhordland.
- Differensierte dagplassar for demente
- Dagplassar for heimebuande med somatiske sjukdomar
- Kurse tilsette i kommunikasjon og motiverande samtaler
- Pårørandeskule
- Lærings- og meistringstilbod innan livstilsjukdomar og kroniske sjukdomar

#### 6.1.3. Mestres eige liv

- Auka del av ergo-/fysioterapeutar (innanfor eksisterande økonomiske rammer)
- Kvardagsrehabilitering
  - Organisert som eige prosjekt internt.
    - Kartleggingsmetodikk
    - Eige teneste.
    - Metodikk i utøving av tenestene.
  - Kurs i tankesettet «kvardagsmestring»
- Omsorgsteknologi
  - Frå prosjekt til ordinær drift i løpet av 2016.
  - Sjå eige prosjektmandat.
- Utvikle arbeids- og aktivitetstilbod innan psykisk helse og rus
  - Tenesteutviklingsprosjekt knytt til helsehus.

#### 6.1.4. Trygg og helsefremmande butilhøve

- Omsorgsteknologi
  - Frå prosjekt til ordinær drift i løpet av 2016.
  - Sjå eige prosjektmandat.
- Universell utforming
- Bistand til å tilpasse private bustader til universell utforming
- Differensiert bustadmasse innan psykisk helse og rus
- Revidere «Bustadsosial handlingsplan»
- Formalisert samarbeid med frivillige
  - Evaluering av frivilligsentralen

### 6.1.5. Heilskaplege og føreseielege tenester

- Utarbeide rutinar/prosedyrar for intern og ekstern samhandling
  - Gjennomgang av gjeldane prosedyrar i samband med KF Kvalitet. Lage oppsett på kva prosedyrar som må utarbeidas og når.
- Prosedyrar på samhandling internt/eksternt
  - Helsehusprosjekt
  - Leanprosjekt Forvaltningskontor.
- Vidareutvikle Mobil omsorg
  - Opplæring.
  - Nettbrett til alle.

### 6.1.6. Tverrfaglig forpliktande arbeid

- Organisasjonsprosjekt helse- og omsorg Haust 2015 – vår 2016.
  - Organisasjonsprosjektet vil ta utgangspunkt i måla i denne planen og søke og tilpasse organisasjonen på ein slik måte at det vert lettare å nå måla.
- Helsehus 2015 – 2019
  - Hovudmålet for Helsehusprosjektet er å sørge for eit betre samarbeid mellom intern avdelingar, mellom kommunane i Nordhordland og mellom 1. og 2. linjetenesta.



## 7. Vedlegg1: Nasjonale rammer og føresetnader – m.a.:

### **Stortingsmelding nr. 25 (2005-2006): «Mestring, muligheter og mening»**

I meldinga vart det peika på følgjande strategiar for å møte omsorgsutfordringar i framtida:

- Kvalitetsutvikling, forskning og planlegging
- Kapasitet og kompetanseheving
- Samhandling og medisinsk oppfølging
- Aktiv omsorg med vekt på kultur og sosiale forhold
- Partnerskap med familie og lokalsamfunn

### **Rettleiar IS-1162: «... og bedte skal det bli. – Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i Sosial- og helsetjenesten»**

Rettleiaren peikar på kjenneteikn ved tenester med god kvalitet:

- Er verknadsfulle
- Er trygge og sikre
- Involverer brukarar og gjer dei i stand til å påverke
- Er samordna og prega av kontinuitet
- Utnyttar ressursane på ein god måte
- Er tilgjengelege og rettferdig fordelt.

### **Stortingsmelding nr. 47 (2008 -2009) Samhandlingsreformen**

Hovudutfordringene er knytt både til eit pasientperspektiv og eit samfunnsøkonomisk perspektiv:

- Pasientens behov for koordinerte tenester blir ikkje svart godt nok på – fragmenterte tenester. Tenestene er prega av for liten innsats for å avgrense og førebyggje sjukdom.
- Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet gir utfordringar som vil kunne true samfunnets økonomiske berevne.

Hovudgrep:

- Klarare pasientrolle (gode heilskapelege pasientforløp). Forløpstenkinga har som føremål å bidra til at alle system og tenester blir retta inn mot hjelp slik at den einskilde sjølv kan meistre sitt liv eller få tilbake funksjonar/eigenmestring i størst mogeleg grad.
- Ny framtidig kommunerolle må i større grad enn i dag oppfylle ambisjonane om førebygging og innsats i sjukdomsforløpa sine tidlege fasar. Kommunar med større kompetanse for helse- og omsorgstenester skal også bli gitt betre føresetnader for å svare på krava frå pasientar med kroniske sjukdomar. Ei tilrettelegging av tenestetilbodet som førar med seg at sjukdomsutviklinga blir hindra, eller utsett, er bra både for folks helse og for samfunnets økonomi. Behov bør identifiserast og tenester setjast inn så tidleg som mogeleg. Dette vil bidra til å forhindre sjukdomsutvikling og auke den einskilde sin mestringsevne.
- Etablering av økonomiske insentiv, som skal understøtte den ønska oppgåveløysinga og gi grunnlag for gode pasienttilbod og kostnadseffektive løysingar. Kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta. Kommunalt økonomisk ansvar for utskrivingsklare pasientar er dei viktigaste virkemidlane.
- Spesialisthelseteneste skal utviklast slik at den i større grad kan bruke sin spesialiserte kompetanse. Leggje til rette for tydelegare prioriteringar- Det må unngåast at prioriteringsavgjerder blir knytt til deltenester av det samla forløpet, med risiko for at desse er dårleg tilpassas kvarandre.

- Supplere dei fem hovudgrepa med tiltak på fleire område: utvikling av IKT system, utvikling av ein forskings- og utdanningspolitikk og personalpolitikk som understøtter måla i samhandlingsreforma og samarbeid mellom helsemyndigheitene og andre sektorar.

Samhandlingsreforma tek sikte på å oppnå:

- Eit berekraftig, heilskapleg og samanhengande tenestetilbod av god kvalitet, tilpassa den einskilde
- Auka vekt på helsefremjande og førebyggjande arbeid, på habilitering og rehabilitering, på auka brukarmedverknad, på forplikande samarbeidsavtalar mellom kommunar og sjukehus.
- Reformens målsettingar er å sikre meir koordinerte helse- og omsorgstenester og større innsats for å førebyggje og avgrense sjukdom.
- Fornyng og innovasjon i heile den kommunale helse- og omsorgstenesta er sett på dagsorden for å møte dei demografiske, samfunnsmessige og helsemessige utfordringar.
- Eit av hovudmåla er å utvikle ei ny kommunerolle, slik at kommunane i større grad enn i dag kan oppfylle ambisjonane om førebygging og innsats tidleg i sjukdomsforløpet. Det blir difor lagt opp til auka støtte av pasientens eigenmeistring, auke innsats på førebyggjande og helsefremjande tiltak og utbygging av lågterskeltilbod. Dette krev nye arbeids- og samarbeidsformer, nytt tenesteinnhald og nye måtar å løyse oppgåvene på.
- Nokre av dagens tenester skal flyttast nærare der brukarane bur, og det utviklast nye kommunale tilbod både før, i staden for og etter sjukehusinnlegging.
- Dei etablerte økonomiske insentiv skal bidra til ønska oppgåveløysing og gi grunnlag for gode pasienttilbod og kostnadseffektive løysingar.
- Tenestene må i større grad leggje vekt på aktiv omsorg, førebygging og rehabilitering, og utfordre til å ta i bruk ny teknologi og nye arbeidsmetodar.

## Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011 - 2015

### Heilskap og samanheng

- Sikre eit berekraftig, heilskapleg og samanhengande tenestetilbod av god kvalitet, med høg pasientsikkerheit og tilpassa den einskilde brukar.
- Auka vekt på helsefremjande og førebyggjande arbeid, på habilitering og rehabilitering, på auke brukarmedverknad, på avtalte behandlingsforløp, og forpliktande samarbeidsavtalar mellom kommunar og sjukehus.
- Den kommunale helse- og omsorgstenesta skal styrkast og spesialisthelsetenesta skal vidareutviklast.
- Utgreiing og behandling av hyppig førekomande sjukdomar og tilstander skal desentraliserast når dette er mogeleg.
- Rettslege virkemidlar- nye lover
- Økonomiske verkemidlar skal understøtte måla om betre arbeidsfordeling, gode pasientforløp og kvalitativt gode og kostnadseffektive løysingar.
- Faglege virkemidlar skal bidra til å endre praksis i tenesta, i tråd med samhandlingsreformens intensjonar. Døme: rettleiarar, retningslinjer og prosedyrar og nasjonale kvalitetsindikatorar. Nye kompetansekrav
- Organisatoriske virkemidlar skal bidra til meir tenleg organisering og oppgåvefordeling. Det må leggjast til rette for tenlege samhandlingsarena mellom ulike tenester og forvaltningsnivå. Eit døme er organisering av lokalmedisinske sentre, som eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og ein eller fleire kommunar.

### Folkehelse

- Styrke arbeidet med å fremje god helse i befolkninga, førebyggje sjukdom og utjamne sosiale helseforskjellar.
- Sikre gode oppvekstvilkår og tilrettelegging for ein helsefremjande livsstil, slik at det blir enkelt å ta sunne val i barnehage, i skulen, på fritida og på arbeidsplassen
- Område: førebygging av ulykker, betre kosthald, tobakksførebygging, auke fysisk aktivitet, lokalt luftkvalitet, redusere radoneksponering, rusmiddelpolitikken der førebygging vil vere eit sentralt tema, barn og unges miljø og helse
- Barnehagar og skular er sentrale i arbeidet med å utvikle haldningar og utjamne sosiale forskjellar. Utdanning i seg sjølv er viktig for utjamning av sosiale forskjellar i helse.

### Framtidas kommunale helse- og omsorgstenester

- Helse- og omsorgssektoren skal sjåast i samanheng med dei andre samfunnsområda der kommunane har ansvar og oppgåver, og utviklast vidare slik at den gir brukarane gode høve for livskvalitet og meistring, og slik at den i større grad kan oppfylle ambisjonane og førebygging og tidleg innsats.
- Sørge for at heilskapelege pasientforløp kan ivaretakast i kjeda av førebygging, tidleg innsats, tidleg diagnostikk, habilitering og rehabilitering, behandling og oppfølging.
- Helsestasjons- og skulehelsetenesta er sentral i det helsefremjande og primærførebyggjande arbeidet.
- Fastlegane skal ta eit meir heilskapleg ansvar for tenestene til listepasientane, og i større grad delta i anna allmennlegearbeid
- Omsorgsplan 2015: dei 5 strategiane: kapasitet og kompetanseheving, kvalitetsutvikling, forskning og planlegging, betre samhandling og medisinsk oppfølging, aktiv omsorg og partnerskap med familie og frivillige.

- Auka krav til brukarmedverknad, krav til personleg koordinator, individuell plan og krav til planlagde behandlingsskjeder, skal leggje til rette for auka satsing på habilitering og rehabilitering, for å sikre betre høve for meistring og livskvalitet.

#### Framtidas pasient- og brukarrolle

- Større medverknad på utforminga av tenestetilbodet i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- Gode informasjonstenester kan bidra til at pasientar og brukarar gjer val som fremjar helse og meistring og aukar høve for eigenomsorg.
- Sjølvhjelpsgrupper, likemannsgrupper, barselgrupper i regi av helsestasjonen og gruppetilbod i skulehelsetenesta er døme på tiltak som stimulerer til eigenomsorg
- Eldresentra kan bidra til å førebyggje sosial isolasjon og oppretthalde fysisk og psykisk aktivitet hos eldre
- Lærings- og meistringssentra skal gi brukarane kunnskap om førebygging, sjukdom og behandling, og bidra til meistring.
- Alle pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få utarbeid individuell plan.
- Pårørande er ein viktig ressurs for pasientane og for helse- og omsorgstenesta. Pårørande må bli høyrd når det gjeld eigne behov.
- Frivillig sektor er ein viktig samarbeidsaktør i folkehelsearbeidet. Friske pensjonistar er ein lite nytta ressurs i frivillig arbeid. Dei offentlege tenestene må i større grad inngå partnerskap med frivillige organisasjonar og eit levande sivilsamfunn. Frivillige organisasjonar og private aktørar skal sikrast føreseielege avtalevilkår, samstundes som det må stillast klare krav til kvalitet, kostnader og arbeidsvilkår.

#### Kvalitet og kunnskap

- Trygge og effektive tenester føreset at førebygging, diagnostikk, behandling, oppfølging, pleie og omsorg byggjer på mest mogeleg kunnskap basert på forskning. Det same gjeld avgjerder om innføring av nye metodar, utarbeiding av retningslinjer og kvalitetsindikatorar og organisering av tenestene
- Pasienterfaringar må få ein større plass i kunnskapsgrunnlaget.
- Ikt-systemet kan bidra til betre behandling, mindre pasienttransport, betre lokale helsetilbod, betre utnytting av ressursar og styrking av pasient- og brukarrolla. Elektronisk samhandling i helse- og omsorgssektoren. Elektronisk meldingsutveksling, kunnskapsstøtte til helsepersonell.
- Velferdsteknologi kan gjere det enklare å leve sjølvstendig, gi auka tryggleik for pårørande og det kan bli frigjort til for helsepersonell.

#### Personell

- Tilgang på tilstrekkeleg personell med naudsynt kompetanse er ei hovudutfordring i framtidas folkehelsearbeid og helse- og omsorgstenesta.
- Personell- og kompetanseprofilen i sektoren må utviklast i tråd med måla i samhandlingsreforma. Utdanningane må i større grad vektleggje forløpstenking, samhandlingskompetanse, sterkare brukarmedverknad, førebygging og folkehelsearbeid.
- Arbeidsoppgåvene i helse- og omsorgssektoren må fordelast riktig mellom personellgruppene for å utnytte arbeidskrafta og for å oppnå best mogeleg kvalitet i tenestene.
- God leiing på alle nivå er avgjerande for å lukkast med samhandlingsreforma. Styrke leiarkompetanse.
- Det må arbeidast vidare med etikk og verdiar i tenestene for å sikre at brukarar og pårørande blir møtt med respekt og forståing.

### Økonomiske og administrative konsekvensar

- Eit hovudgrep i samhandlingsreforma er å utvikle kommunerolla, slik at kommunane i større grad enn i dag kan nå måla om førebygging og tidleg innsats for å hindre at sjukdom utviklar seg.

I denne meldinga legg regjeringa den politiske kursen for helse- og omsorgstenesta og folkehelsearbeidet, med vekt på m.a.:

- Den kommunale helse- og omsorgsplanen skal utviklast vidare slik at den gir brukarane gode mogelegheiter for auka livskvalitet og meistring, og slik at den i større grad kan oppfylle ambisjonane om førebygging og tidleg innsats.
- Kommunane skal sørgje for heilskapleg tenking med førebygging, tidleg intervensjon, tidleg diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering, slik at heilskapelege pasientforløp i størst mogeleg grad kan ivaretakast innanfor Beste Effektive Omsorgs Nivå (BEON).
- Helse- og omsorgssektoren skal sjåast i samheng med dei andre samfunnssektorane der kommunen har ansvar og oppgåver.
- Fastlegeordninga skal utviklast slik at stat og kommune får betre styringsmoglegheiter. Det skal leggjast til rette for meir forpliktande samarbeid mellom fastlegane og kommunen. Forskrift om fastlegeordninga skal reviderast. Det skal innførast nasjonale kvalitets og funksjonskrav med rapporteringskrav.

### **NOU 2011: Innovasjon i omsorg**

Denne meldinga har skapt stort engasjement og fått brei oppslutning på tvers av dei fleste vanlege skiljeliner. Det gjeld særleg spørsmålet om omlegging av omsorgstenestene med større vekt på velferdsteknologi og rehabilitering, og behovet for nye virkemidlar i kommunalt innovasjonsarbeid.

Dei fem hovudforslag omhandla:

- Næromsorg – den andre samhandlingsreforma
- Nye rom – framtidens bustadløyisingar og nærmiljø
- Teknoplån – teknologistøtte til omsorg
- Kommunalt innovasjonsprogram
- Omsorg som næring og eksport.

### **NOU 2011:17 «Når sant skal sies om pårørendeomsorg — Fra usynlig til verdsatt og inkludert»**

I denne meldinga blir følgjande hovudgrep tilrådd:

- Ei utvida pleiepengeordning
- Ein ny forsterka kommunal omsorgsstønning som erstattar dagens hjelpestønning og omsorgslønn
- Lovfesta pårørandestøtte med tiltak som verdset og inkluderer dei pårørande og kvalitetssikrar tenestene.

### **Stortingsmelding nr. 29 (2012-2013): «Morgondagens omsorg»**

Denne planen er ein plan for å møte både dagens behov og morgondagens utfordringar. Nye tiltak som bidreg i ei innovativ retning:

- Morgondagens omsorg – eit innovasjonsprogram fram mot 2020.
- Morgondagens omsorgstenestebrukarar – med eit ressursorientert perspektiv
- Morgondagens omsorgsfellesskap – med eit pårørandeprogram, ein nasjonal frivilligstrategi og politikk for ideelle, samvirkebaserte og private tenesteleverandørar.

- Morgondagens omsorgsteneste – med fagleg omlegging og større vekt på tidleg innsats, kvardagsrehabilitering og nettverksarbeid
- Morgondagens omsorgsomgjevnader – med eit program for utvikling og innføring av velferdsteknologi og tiltak for fornying, bygging og utviklings av framtidens sjukeheim og omsorgsbustader

**Stortingsmelding nr. 26 (2014-2015): Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet**

- 

**Omsorg 2020**

- 

**Stortingsmelding nr. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter**

- 

**Demensplan 2020**

-

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
029/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	30.11.2015
	Eldrerådet	PS	
089/15	Formannskapet	PS	03.12.2015
	Kommunestyret	PS	
	Administrasjonsutvalet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	15/830

## Økonomiplan 2016-2019

32T

Økonomiplan 2016 (3)Lkf - Søknad om drifts- og investeringsmidler for 2016

### Rådmannen gjer følgjande framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2016 er basert på forventta framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre mindre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune ikkje opp nye lån på generelle investeringar i 2016. Lindås kommune tek opp lån på 57 500 000 kr på sjølvkostområdet (vann og avløp). Lånet har 30 årsnedbetalingstid.

Økonomiplan for 2016-2019 og årsbudsjett for 2016 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2016 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.

Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til tenesteområda.

I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2015 skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11). Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.

Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak og nedsetting-/ettergjeving.

Kompensasjonen for meirverdiavgift vedrørande Lindås kyrkjelege fellesråd sine investeringar, skal refunderast til Lindås kommune.

Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.

Det skal overførast 200 000 kr frå generelt disposisjonsfond til næringsfond.

Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 10 700 000 kr.

Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

Godtgjersle til ordførar blir sett til kr 1 062 590 kr og til varaordførar kr 425 040 for 2016.

**Saksopplysningar:**

Saka skal til uttale i Administrasjonsutvalet, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne,

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret





LINDÅS KOMMUNE

# ØKONOMIPLAN 2016-2019

FRAMLEGG FRÅ RÅDMANNEN 16. NOVEMBER 2016



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



<b>Framlegg til vedtak:</b> .....	<b>4</b>
<b>Rådmannen si innleiing til budsjettet</b> .....	<b>5</b>
<b>Stats- og nasjonalbudsjettet</b> .....	<b>7</b>
<b>Disponible inntekter</b> .....	<b>10</b>
Renteinntekter og utbytte .....	11
Rente- og avdragsutgifter .....	12
Disposisjonsfond.....	13
<b>Økonomiplan for tenesteområda</b> .....	<b>15</b>
Skjema 1B, netto driftsutgifter.....	15
Innsparingstiltak 2016 - 2019 .....	15
Strategiske satsingsområder .....	15
Årsverk.. .....	16
<b>Politisk styring</b> .....	<b>17</b>
<b>Administrativ styring, andre støttefunksjonar</b> .....	<b>18</b>
Budsjett og økonomiplanperiode.....	18
<b>Oppvekst</b> .....	<b>19</b>
Budsjett og økonomiplanperiode.....	19
Barnehagar.....	20
Lindås vaksenopplæring .....	21
Læringssenteret .....	21
PPT.....	21
Helsestasjon for born og unge.....	21
Ungdomskontakten Salto .....	21
Barnevern .....	21
Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune.....	21
<b>Pleie og omsorg</b> .....	<b>23</b>
Budsjett og økonomiplanperiode.....	23
Prosjektavdeling – omsorgsteknologi, kvardagsrehabilitering og lokal alarmsentral.....	23
Forvaltningskontor .....	24
Sentralkjøkken.....	24
Sjukeheimar .....	24
Heimetenesta .....	24
Tenester for funksjonshemma .....	24
<b>Helse og sosial</b> .....	<b>25</b>
Budsjett og økonomiplanperiode.....	25

Eining for Helsetenester:.....	25
NAV.....	26
<b>Samfunnsutvikling og kommunalteknikk .....</b>	<b>27</b>
Budsjett og økonomiplanperiode.....	27
Næring.. .....	28
Kultur og aktivitetar.....	28
Plan, byggesak, landbruk og geodata .....	28
Teknisk drift.....	29
Brann- og redningsteneste:.....	29
Eigedom .....	29
<b>Investeringsbudsjett .....</b>	<b>30</b>
Innleiing.....	30
Kommentarar til prosjekta .....	32

## Framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2016 er basert på forventna framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre mindre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune ikkje opp nye lån på generelle investeringar i 2016. Lindås kommune tek opp lån på 57 500 000 kr på sjølvkostområdet (vann og avløp). Lånet har 30 årsnedbetalingstid.
2. Økonomiplan for 2016-2019 og årsbudsjett for 2016 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2016 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparring til tenesteområda.
4. I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2015 skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11). Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.
5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera ein-skildsaker om skattefritak og nedsetting-/ettergjeving.
6. Kompensasjonen for meirverdiavgift vedrørande Lindås kyrkjelege fellesråd sine investeringar, skal refunderast til Lindås kommune.
7. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.
8. Det skal overførast 200 000 kr frå generelt disposisjonsfond til næringsfond.
9. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 10 700 000 kr.
10. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
11. Godtgjersle til ordførar blir sett til kr 1 062 590 kr og til varaordførar kr 425 040 for 2016.

# Rådmannen si innleiing til budsjettet

Rådmannen skisserte følgjande hovudmål for utviklinga av Lindås kommune i økonomiplanen for 2015-2018:

- Skape eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling
- Sikre betre styring og kvalitet i tenesteproduksjonen
- Utvikle effektive og smarte arbeidsprosesser som har meirverdi for kunde og brukarar

Det er desse hovudmåla som også ligg til grunn i utarbeidinga av økonomiplanen for 2016-2019. For å nå desse hovudmåla jobbar organisasjonen etter den politiske bestillinga som kom i budsjettprosessen for 2015:

1. Redusera driftskostnadene slik det går fram av økonomiplanen.
2. Utvikla kommuneorganisasjonen slik at den står rusta til å møte utfordringane i åra framover.

## Handlingsrom gir muligheiter

Lindås kommune har ambisiøse mål om å utvikle eit attraktivt samfunn og tilpassa tenester for innbyggjarane. Dei neste åra skal kommunen løyse store samfunnsutviklingsoppgåver og gjennomføre eit omfattande investeringsprogram. I tillegg er det politisk ønske om nye prioriterte prosjekt. Skal kommunen klare å gjennomføre ein slik offensiv utviklingsstrategi, er ein heilt avhengig av eit økonomisk handlingsrom. Nøkkelen til å skape eit slikt handlingsrom, er ein varig reduksjon av driftskostnadane. I økonomiplanperioden er det lagt inn konkrete innsparingstiltak på drifta med over kr 50 mill. Dette er innsparingar som er heilt avgjerande for å gjennomføre vedtekne og nye utviklingsprosjekt.

I den komande økonomiplanperioden er det lagt opp til å prioritere mange strategiske utviklingsområder, mellom anna:

- Utbygging av grunnleggjande infrastruktur (Mobil, breiband, vatn, vegar, næringsareal)
- Byutvikling i Knarvik
- Tilrettelegging for næringsutvikling i heile kommunen.
- Effektiv drift og verdibevarande vedlikehald av kommunale bygg og anlegg.
- Vedlikehald av kommunale vegar.
- Omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering
- Folkehelse, førebygging og trafikksikring

- Digitalisere og modernisere tenesteproduksjon og arbeidsprosessar.
- Kommunestruktur
- Helsehus

## Lindås 2019 – «ein betre kommune»

Kommuneorganisasjonen er i ei omstillingsfase og gjennom programmet Lindås 2019 blir organisasjonen tilpassa dei utfordringar og muligheiter som kjem. Ikkje minst er det viktig å ha ein organisasjon som kan handtere og utføre mange av dei utviklingsprosjekta som kommunen skal gjennomføre. Målet med Lindås 2019 er å utvikle ein organisasjon som har betre styring, betre leiging, betre prosjektstyring, betre økonomistyring, betre kvalitet i tenestene, betre planverk og betre brukarorientering i tenestene. Prosjekta i Lindås 2019 blir styrt via ein prosjektportefølje. Tidsperspektivet i programmet er fram til 2019, slik at ein kan sjå det i samheng med prosessane rundt kommunestruktur.

Hovudfokus i 2016 blir å etablere eit heilskapleg plansystem som skal sikre at vedtatt politikk i overordna planar, blir gjennomført ute i organisasjonen. Dette plansystemet består mellom anna av planstrategi, kommuneplan, økonomiplan med handlingsprogram og verksemdsplanar på eining- og avdelingsnivå. Alle desse elementa vil bli prioritert i 2016 og bidra til betre prioritering og styring av aktivitetane. I tillegg vil rådmannen bruke 2016 til å innføre Lean i større skala, som eit verkøy for brukarfokus og kontinuerlig betring. Det er gjennomført fleire prosjekt i 2015 med gode resultat.

## Kva rammer har Lindås?

I motsetnad til mange andre kommunar, har Lindås kommune gode føresetnadar for å ha eit økonomisk handlingsrom. Kommunen har i mange år hatt høge inntekter frå eigedomsskatten, og desse inntektene er brukt til å yte gode tenester med høg kvalitet. Lindås har dei siste åra hatt ein tvist knytt til eigedomsskatten frå Teknologisenteret på Mongstad (TCM). Denne tvisten er avgjort og Lindås kan nytte inntektene til det ein ønskjer å prioritere. Rådmannen meiner at inntektene frå eigedomsskatt TCM i stor grad bør brukast til å finansiere investeringane. Det er sjølvsagt mulig å velje andre løysingar, som å plassere pengane i fond eller aksjar.

Lindås kommune har i hovudsak brukt det økonomiske handlingsrommet til å finansiere eit høgare driftsnivå. Samanliknar vi Lindås med andre tilsvarande kommunar (KOSTRA), er det på fleire



områder langt høgare driftskostnader, spesielt innanfor oppvekst og pleie/omsorg. I tillegg har Lindås kommune gjennomført store investeringar, spesielt på skulesektoren, og desse investeringane er i hovudsak finansiert gjennom låneopptak. Resultatet er høge driftskostnader, høge kapitalkostnader og høg gjeld. Det økonomiske handlingsrommet er derfor blitt stadig mindre. For budsjettet 2015 var situasjonen alvorleg, og handlingsrommet var i praksis borte. Det var ikkje mulig å få eit budsjett i balanse utan betydelege innsparingar.

For 2016 har ein låg forventet rente gjort at handlingsrommet på kort sikt er større. Lindås kommune har i 2016 budsjettert med ein avsetnad til disposisjonsfond på 21 mill. kr. Den låge renta, saman med planlagte innsparingstiltak gjer at avsetnaden til disposisjonsfond i økonomiplanperioden auker til 34 mill. kr i 2019. Rådmannen legg opp til at Lindås kommune frå 2019 aukar driftsfinansieringa av investeringar.

#### **Investeringar**

Rådmannen vidarefører i hovudsak dei investeringane som låg i førre økonomiplan, i tillegg til framlegg om mindre investeringar.

Finansieringsprofilen på investeringane er betydelig endra sidan førre økonomiplan 2015 – 2018. Det er lagt opp til eit låneopptak i 2016 - 2019 på 228 mill. kr for generelle investeringar. Det ambisiøse investeringsprogrammet er oppretthaldt i forhold til førre økonomiplanperiode, men Lindås kommune klarar å driftsfinansiere investeringane med om lag 300 mill. kr i 2016-2019. Dette er mogleg å gjennomføra grunna tydelige innsparingstiltak og ein låg lånerente i økonomiplanperioden.

Det er naturleg med ein auke i lånerenta på sikt, noko som vil bety ein auka driftsbelastning. Det vil derfor kanskje ikkje vere mogleg å driftsfinansiere investeringane i like stor grad i seinare år, utan å gjere ytterligere innsparingstiltak i åra etter økonomiplanperioden.

#### **Verktøykasse for samfunnsutvikling**

Som tidligare skissert står kommunen framfor store utviklingsoppgåver i åra framover, mellom anna i Knarvik og på Mongstad. I budsjettet for

2015 blei det etablert eit infrastrukturfond som skal bidra til å utvikle grunnleggjande infrastruktur. Næringsfondet blir vidareført i si noverande form, og det blir tilført kr 200.000 til fondet. I utviklinga av Knarvik-byen set rådmannen av kr 25 mill i økonomiplanperioden. Midlane skal nyttast til planlegging, prosjektering, forskottering og direkte investering.

#### **Helsehuset**

Hovudfokus i Helsehuset er tenester for barn og unge, rus, psykiatri, legevakt og øyeblikkelig hjelp døgntilbod. Det vert også lagt til rette for eit rehabiliteringstilbod mellom sjukehus og heim.

Det er eit mål at Helsehuset skal legge til rette for betre interkommunalt samarbeid samt eit betre samarbeid mellom dei kommunale tenestene og spesialisthelesetenesta.

For innbyggjarane i Nordhordland vil Helsehuset gi eit utvida tilbod som er nært og som er meir heilskapleg.

#### **Opptakt til budsjettprosessen**

Rådmannen har gjort greie for budsjettutfordringane i 2016 og i økonomiplanperioden på formannskapsmøta 2 og 3 juni, og økonomiplan for 2016 – 2019 var oppe til politisk handsaming 11.juni (FO) og 18. juni (kommunestyret). Kommunestyret fatta følgjende vedtak: «Kommunestyret tar orienteringa om økonomiplanarbeidet til orientering». Det er føringane i økonomiplan 2016-2019 som var oppe i juni 2015 rådmannen har tatt utgangspunkt i når årets budsjett og økonomiplan er utarbeidd.

Rådmannen sitt framlegg er drøfta med dei hovudtillitsvalde. Informasjon om rådmannens budsjettforslag vart gjeve i HTV-møte 2. november 2015.

# Stats- og nasjonalbudsjettet

Administrasjonen gjev i dette kapitlet eit kort oversyn over dei viktigaste punkta frå statsbudsjettet 2016 – kommuneopplegget. Oversynet er basert på fylkesmannen si oppsummering.

## Det økonomiske opplegget for 2015

I revidert nasjonalbudsjett var det ein berekna skatteauke for kommunane i år på 4,6 prosent. Dei berekna skatteinntektene for inneverande år er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) var i revidert nasjonalbudsjett 2,9 prosent. Av dette var berekna lønsvekst 3,2 prosent. Berekna pris- og lønsvekst er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.

## Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2016

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 med 7,4 prosent.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,7 prosent. Av dette utgjer pårekna lønsvekst også 2,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

## Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Pårekna skatt og inntektsutjamning byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2014. I høve til dette grunnlaget er det justert for berekna skatteutvikling i 2015 og 2016.

I berekning av skatteprognose for 2016 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2014 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2014. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2016 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2015 til 2016 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- endra kriteriedata og befolkning
- verknad av endringar i inntektssystemet

- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Endra kriteriedata, til dømes talet på psykisk utviklingshemma eller eldre, og befolkning er særleg viktig.

Prisjustering frå 2015 til 2016 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

## Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2015 til 2016 på 4,2 mrd. Denne veksten er no den same både om ein reknar vekst frå inntektsnivået i år i revidert nasjonalbudsjett eller frå noverande pårekna inntektsnivå i år, då dette er det same 2015-nivået. Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2016 - kroner kjem som eit tillegg.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2015 til 2016 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 1,7 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing.
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene.
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:
  - Kr. 400 mill. til auka satsing innan rusomsorg. Fordeling etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp i inntektssystemet.
  - Kr. 200 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta. For 2016 vil tilskotsnivået med dette kome opp i samla kr. 667,7 mill. Fordelt mellom kommunane etter talet på innbyggjarar 0 - 19 år, minst kr. 100.000,- per kommune.
  - Kr. 400 mill. til meir fleksible barnehageopptak. Det er heilårsverknaden i 2016 av kompensasjon frå 2015. Utgjer for heile året opp mot kr. 750 mill. Fordeling etter del kostnadsnøkkel for barnehage i inntektssystemet.

Det vil også omfatta innlemming i rammetilskotet av øyremerka tilskot, til dømes innlemming i 2016

i samband med døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong.

### Tiltakspakke for auka sysselsetjing

Regjeringa legg fram ein særskilt tiltakspakke for auka sysselsetjing. Som ein del av denne tiltakspakken er det framlegg om eit eige øyremerka eingongstilskot til kommunane for 2016 på til saman kr. 500 mill. Tilskotet skal nyttast til vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader. Tilskotet vil bli fordelt mellom kommunane med eit likt kronebeløp per innbyggjar utan søknad, om lag kr. 96,- per innbyggjar.

Tilskotet kjem i tillegg til den signaliserte veksten i inntektene i framlegget frå 2015 til 2016.

Prosjekt som blir finansierte av tilskotet må bli gjort ferdig i 2016. Tilskot vil berre bli gitt for arbeid på bygg som er eigd av kommunen eller kommunale føretak (KF).

Kommunane må gi ei kort rapportering med omsyn til bruken av inntektene. Rutinane for rapportering vil bli avklart nærare.

### Barnehagar og skule

#### Barnehagar

Frå 2016 vil dei ikkje-kommunale barnehagane få den same finansieringa som kommunale barnehagar, det vil seie 100 prosent av tilskot kommunale barnehagar. Kommunane blir kompenserte med samla kr. 180 mill. i auke i rammetilskotet.

Det blir gjort endring i forskrift om finansieringa av ikkje - kommunale barnehagar for å gi betre samsvar mellom reelle utgifter og tilskot frå kommunane. Det blir teke omsyn til at dei private barnehagane samla har lågare pensjonsutgifter enn dei kommunale. På den andre sida har dei private samla høgare kapitalutgifter enn dei kommunale. Det er rekna at dette gir ei netto innsparing samla på om lag kr. 338 mill. for kommunane som blir trekt ut av ramme-tilskotet.

#### Ny naturfagtime

Det er framlegg om å auka timetalet i naturfag med ein veketime på 5. - 7. trinn frå hausten 2016. Kommunane blir kompenserte gjennom ein auke i rammetilskotet samla for 2016 med kr. 77,6 mill.

### Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir videreført i 2016. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2016 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 1,5 mrd.

Heile investeringsramma for perioden frå 2009 på kr. 15 mrd. blir med dette nytta.

### Helse og omsorg Døgnopphald - hjelp

Det blir ei plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for hjelp med ein gong. Det har vore ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane skulle få tid til å bygge opp tenesta.

### Dagtilbod demente

Regjeringa vil kome med framlegg til endring av helse- og omsorgstenestelova slik at kommunane frå 01. januar 2020 får plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Det er framlegg om øyremerka tilskot i 2016 på til saman kr. 71,3 mill. for å leggje til rette for 1200 plassar i 2016. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.

### Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

For 2016 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heil-døgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2016 er basert på direkte lønsutgifter i 2015 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2016:



- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1043.000,- til kr. 1081.000,- for netto utgifter i 2015. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr. 10.000,- utover prisjustering.

### Inntektssystemet i 2016

Det vil kome eit høyringsnotat om inntektssystemet før jul. Inntektssystemet vil bli vurdert nærare i kommuneproposisjonen for 2017.

### Veksttilskot

Det er lagt opp til ein auke i det samla veksttilskotet til kommunane. Dette blir gjort ved å redusera minstenivået for å få tilskot frå 1,6 prosent til 1,5 prosent. Kommunane må ha hatt, på same måte som for 2015, ein årleg gjennomsnittleg folkevekst i dei siste tre åra over minstenivået for å få tilskot.

Tilskotet blir for kvar innbyggjar utover dette minstenivået prisjustert frå kr. 55.000,- i 2015 til kr. 56.485,- i 2016.

Kommunane må ha eit skattenivå under 140 prosent av landsgjennomsnittet, i årleg gjennomsnitt dei siste 3 åra, for å få veksttilskot.

### Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda grunngjevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2016 til kommunane.

### Flyktningar og integrering

Det er for 2016 framlegg om å styrka integreringstilskotet med kr. 50 mill. i ekstratilskot til kommunar ved busetjing av flyktningar. Kriteriet for å få dette tilskotet er at kommunen i 2016 buset fleire enn det dei blei oppmoda om i 2015. Tilskot blir gitt med kr. 50.000,- for kvar person kommunen busetjer utover dette i 2016.

Det er framlegg om å styrka det særskilte tilskotet for busetjing av einslege, mindreårige flyktningar med kr. 25 mill. Tilskot blir utbetalt til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar blir busett. Det er framlegg om å auka tilskotssats frå kr. 191.300,- i 2015 til kr. 207.000,- i 2016.

Regjeringa vil leggje fram ein tilleggsproposisjon for 2016 - budsjettet i haust som følgje av det høge talet på asylsøkjjarar.

# Disponible inntekter

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter (skjema 1A).

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Fleire av desse postane har kommunen liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som er med å setja dei

økonomiske rammene for drifta av kommunen. Når det gjeld kolonne for budsjett 2015, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30. juni. Budsjett 2015 inneheld til dømes ikkje eventuelle budsjettjusteringar som følgje av politisk handsaming av økonomiske statusrapport 2. tertial.

DRIFTSBUDSJETT	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-370 954	-382 495	-393 122	-393 123	-393 123	-393 123
Ordinært rammetilskot	-368 409	-374 621	-403 472	-398 290	-396 190	-396 030
Eigedomsskatt	-163 060	-158 411	-161 870	-159 059	-156 059	-163 059
Andre generelle statstilskot	-16 603	-17 722	-22 022	-22 506	-22 100	-22 100
Konsesjonskraft, avgift	-135	-150	-150	-150	-150	-150
<b>Frie disponible inntekter</b>	<b>-919 161</b>	<b>-933 399</b>	<b>-980 636</b>	<b>-973 128</b>	<b>-967 622</b>	<b>-974 462</b>
Renteinntekter og utbytte	-38 171	-25 144	-21 540	-24 831	-27 186	-27 503
Renteutgifter	26 548	25 934	16 268	18 589	25 302	34 358
Avdragsinntekter (VA)	-2 095	-2 529	-4 308	-7 060	-10 163	-15 999
Avdrag på lån	34 349	35 955	38 246	39 612	41 762	45 292
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>20 631</b>	<b>34 216</b>	<b>28 666</b>	<b>26 310</b>	<b>29 715</b>	<b>36 148</b>
Premieavvik pensjon	-6 616	17 771	-13 921	16 842		
Bruk av premiefond	-13	-13 400	-9 000	-5 000	-5 000	-5 000
Avsett til disposisjonsfond	72 021	37 088	36 857	19 523	21 052	33 419
Bruk overskot tidlegare år	-14 401					
Bruk av disposisjonsfond	-16 239	-25 460	-2 921	-16 842		
Bruk av bundne fond	0					
<b>Netto avsetningar</b>	<b>34 752</b>	<b>15 999</b>	<b>11 015</b>	<b>14 523</b>	<b>16 052</b>	<b>28 419</b>
Momsrefusjon i investeringsaktivitet						
Overført til investeringsrekneskap 1)			31 379	31 379	31 379	31 379
Til fordeling drift	-863 778	-883 184	-909 576	-900 916	-890 476	-878 516
Motpost avskrivningar	-31 077	-31 253	-31 145	-31 145	-31 145	-31 145
<b>Sum til fordeling drift</b>	<b>-894 855</b>	<b>-914 437</b>	<b>-940 721</b>	<b>-932 061</b>	<b>-921 621</b>	<b>-909 661</b>
Netto driftsutgifter tenesteområda	894 855	914 437	940 721	932 061	921 621	909 661
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Avsetning til disp.fond uten premieavvik</b>			<b>2,0 %</b>	<b>2,0 %</b>	<b>2,2 %</b>	<b>3,4 %</b>
<b>Total avsetning til disp.fond (% frie inntekter)</b>			<b>3,8 %</b>	<b>2,0 %</b>	<b>2,2 %</b>	<b>3,4 %</b>

Det er lagt til grunn ein samla auke i frie disponible inntekter frå 2015 til 2016 på 47, 2mill. kr. Pris og lønnsauken utgjer 2,7 %, tilsvarende 25 mill. kr. For 2016 er øyeblikkelig hjelp døgnplasser innlemma i rammetilskotet, og dette utgjer 3,3 mill. kr. Samla

vekst i frie inntekter utgjer om lag 18 mill og skal dekkje auka utgifter til demografi, pensjon, auka satsingar i rusomsorg, helsetasjonstenesta, fleksible barnehageopptak, endra forsikrift om finansiering private barnehager og ny naturfagtime.

RAMMETILSKOT, SKATT	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Innbyggertilsk. (likt beløp pr innb)	317 853	342 045	351 110	344 361	344 207	344 053
Utgiftsutjevning		19 239	23 697	23 651	23 644	23 638
Overgangsordn./INGAR (fra 2009)		-967	-888	0		
Saker med særskilt fordeling		1 470	2 477	2 477	2 477	2 477
Veksttilskudd			1 226	1 939		
Skjønn - tap endr inntektssystem	7 600	7 600	7 600	7 600	7 600	7 600
<b>Sum ramme utan inntektsutj.</b>	<b>325 453</b>	<b>369 387</b>	<b>385 222</b>	<b>380 028</b>	<b>377 928</b>	<b>377 768</b>
Bykлетrekket						
Netto inntektsutjamning	4 745	11 087	18 250	18 262	18 262	18 262
Realauke ramme						
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>330 198</b>	<b>380 474</b>	<b>403 472</b>	<b>398 290</b>	<b>396 190</b>	<b>396 030</b>
Skatt på formue og inntekt	335 832	365 053	393 122	393 123	393 123	393 123
<b>Sum skatt og ramme (avrunda)</b>	<b>666 030</b>	<b>745 500</b>	<b>796 600</b>	<b>791 400</b>	<b>789 300</b>	<b>789 200</b>

Lindås kommune sine samla budsjetterte frie inntekter (skatt og rammetilskot) for 2016 samsvarar med dei utrekningar som ligg i Kommunal- og regionaldepartementet sin dokumentasjon til statsbudsjettet ("grønt hefte"), justert for lokale skatteanslag. I 2017 – 2019 er det tatt omsyn til trekk i ramma knytt til elevar som går i private skular.

### Generelle statstilskot

Kommunen mottar følgjande generelle statstilskot:

Genrelle statstilskot	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Introduksjonstilskot	10 604	12 000	16 300	16 800	16 800	16 800
Kompensasjonstilskot	5 263	5 000	5 000	5 300	5 300	5 300
Andre statlege overføringar	736	722	722	406		
<b>SUM</b>	<b>16 603</b>	<b>17 722</b>	<b>22 022</b>	<b>22 506</b>	<b>22 100</b>	<b>22 100</b>

Det er under generelle statstilskot budsjettert med auka tal flyktningar, jf. Sak 55/15.

### Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune har plassert midlar i bank og mottek utbytte frå selskap. Renteinntektene er redusert med om lag 3 mill. kr frå 2015 til 2016. Dette skuldast lågare innskotsrente på ny hovudbankavtale, samt lågare innskotsnivå enn i 2015. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande inntekter:

RENTEINTEKTER, UTBYTTE	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Interne overføringar	-4 252	-4 594	-4 947	-7 251	-9 906	-11 223
Renteinntekter bankinnskot	-10 963	-8 250	-5 293	-5 300	-5 000	-4 000
Renteinntekter på utlån	-4 343	-4 500	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Renteinntekter obligasjoner, aksjer	0	0	0	0	0	0
Utbytte frå selskap	-18 611	-7 800	-7 800	-8 780	-8 780	-8 780
<b>Sum renteinntekter, utbytte</b>	<b>-38 169</b>	<b>-25 144</b>	<b>-21 540</b>	<b>-24 831</b>	<b>-27 186</b>	<b>-27 503</b>

### Interne overføringar

Vatn og avløp skal vera sjølvfinansierende. Desse tenestene vert belasta ei kalkulatorisk renteutgift – og det vert tilsvarande budsjettert ei kalkulatorisk renteinntekt sentralt.

### Utbytte frå BKK

Utbytte frå selskap (BKK) vil for Lindås kommune utgjere 7,8 mill. kr i 2016. Det er lagt opp til ein auke på 12,6 % i utbytte frå 2016 til 2017. Lindås kommune eig 1,95 % av selskapet.

## Rente- og avdragsutgifter

### Renteutgifter

RENTEUTGIFTER	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringar og formidlingslån	26 548	25 934	16 268	18 589	25 302	34 358

Rådmannen har i økonomiplanperioden lagt til grunn eit estimat frå Kommunalbanken basert på renteberekingar frå Norges Bank, SSB og marknadsrente. Følgjande gjennomsnittlege rentenivå er lagt til grunn i økonomiplanperioden:

- Budsjettåret 2016 1,3 %
- Budsjettåret 2017 1,35 %
- Budsjettåret 2018 1,7 %
- Budsjettåret 2019 2,2 %

### Avdragsutgifter

AVDRAGSUTGIFTER	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringar 1)	34 349	35 955	38 246	39 612	41 762	45 292
Interne overføringar	-2 095	-2 529	-4 308	-7 060	-10 163	-15 999
<b>Sum avdragsutgifter</b>	<b>32 254</b>	<b>33 426</b>	<b>33 938</b>	<b>32 552</b>	<b>31 599</b>	<b>29 293</b>

1) Avdraga er deflatert med 3,0 % (2016 prisar)

Som følgje av lånefinansierte investeringar vil avdrag i økonomiplanperioden auka. Generelt er økonomiplanen utarbeidd i 2016-prisar. Avdraga er gjort om til faste 2016-kroner. Når det gjeld renteutgifter og renteinntekter, så er desse ikkje omgjort til 2016 prisar fordi det er lagt inn forventade rentenivå i dei ulike åra, som er høgare enn rente-

nivået i 2016. VA vert belasta sin del av lånegjelda gjennom avskrivningar (inntekt inngår som del av motpost avskrivningar i skjema 1A). Det er forventade auka investeringar innan sektoren – auka refunderede kapitalkostnader/avdrag vert her teke inn gjennom å auka interne overføringar.

LÅNEGJELD	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Lånegjeld 1.1. utan formidlingslån	901 420	908 578	872 623	891 877	951 475	1 102 832
avdrag i investeringar	-34 349	-35 955	-38 246	-40 800	-44 104	-48 850
Låneopptak*	41 507	0	57 500	100 398	195 461	111 321
<b>Lånegjeld 31.12.</b>	<b>908 578</b>	<b>872 623</b>	<b>891 877</b>	<b>951 475</b>	<b>1 102 832</b>	<b>1 165 303</b>
Lånegjeld 31.12 formidlingslån	231 130	235 452	220 893	221 334	221 093	220 170

\*Etter korreksjon rådmannen sitt framlegg 2. tertialrapport

Som ein illustrasjon på korleis lånegjelda veks – er det utarbeidd ein tabell som syner gjeld pr innbyggjar:

LÅNEGJELD PR. INNBYGGJAR	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Innbyggjarar pr. 1.1.*	15 069	15 402	15 710	16 024	16 345	16 672
<b>Netto lånegjeld pr. innbyggjar</b>	<b>60 295</b>	<b>56 656</b>	<b>56 771</b>	<b>59 377</b>	<b>67 473</b>	<b>69 897</b>

\*Tal pr. 1.1.2015, auke med 2 % pr år

## Disposisjonsfond

Status for disposisjonsfondet er som følger pr. 2. tertialrapport 2015 (enno ikkje handsama politisk) :

<b>DISPOSISJONSFOND</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
1.1.	46 158	42 252	58 367	75 490	94 142
Avsett disposisjonsfond	3 342	20 015	19 523	21 052	33 419
Tidlegare løvvingar ikkje nytta	-1 652				
Bruk av disposisjonsfond (KLP)	-2 390	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400
Bruk av disposisjonsfond (investeringar)					-48 000
<i>Bruk av disposisjonsfond (KS-saker)</i>	-957				
<i>Endring i økonomirapporter</i>	3 251				
Overføring til næringsfond	-500	-200			
Overføring til infrastrukturfond	-5 000				
Overføring trafikksikringsfond		-1 300			
<b>31.12</b>	<b>42 252</b>	<b>58 367</b>	<b>75 490</b>	<b>94 142</b>	<b>77 161</b>

Rådmannen vurderer det som naudsynt at kommunen byggjer opp eit betydeleg disposisjonsfond. Dette for på kortare sikt å sikra kommunen mot svingingar i rentenivå, pensjonsutgifter og eventuelle endringar i reglementet for eigedoms-

skatt. I økonomiplanperioden bør dette liggja på 60-80 mill. kr. Overskot utover dette bør nyttast til å driftsfinansiera investeringar. Det er lagt inn 48 mill. kr i auka driftsfinansiering av investeringar i 2019.

Avsetnad på disposisjonsfond omtvista eigedomsskatt utgjer per 2. tertial 2015:

<b>DISPOSISJONSFOND - OMTVISTA EIGEDOMSSKATT</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
1.1.	96 082	124 301	76 683	0	0
Avsett omtvista eigedomsskatt	28 219				
Bruk omtvista eigedomsskatt		-47 618	-76 683		
<b>31.12</b>	<b>124 301</b>	<b>76 683</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Den tidlegare omtvista eigedomsskattesaken mellom Lindås kommune og TCM er avgjort, og rådmannen legg opp til å nytta dei avsette midlane

til å finansiere generelle investeringar i 2016 og 2017.

<b>DISPOSISJONSFOND - PREMIEAVVIK</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
1.1.	22 392	2 921	16 842	0	0
Overført frå disposisjonsfond					
Korrigerig økonomirapporter	-736				
Bruk - amortisering av premieavviket	-21 656	-2 921	-16 842		
Premieavvik inneverande år	2 921	16 842			
<b>31.12</b>	<b>2 921</b>	<b>16 842</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

På disposisjonsfond premieavvik er det i 2015 sett av midlar til å dekkje amortiseringa av premieavviket i 2016. I tillegg er det i 2016 sett av midlar til-

svarande premieavviket som vert inntektsført i 2016 slik at det er avsett midlar til å dekkje amortiseringa i 2017.

<b>DISPOSISJONSFOND - INFRASTRUKTUR</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
1.1.	0	5 000	2 500	2 500	2 500
Overført frå disposisjonsfond	5 000				
Bruk infrastrukturfond		-2 500			
<b>31.12</b>	<b>5 000</b>	<b>2 500</b>	<b>2 500</b>	<b>2 500</b>	<b>2 500</b>

Rådmannen foreslo i 2015 å opprette eit infrastrukturfond. Dette for å sikre at kommunen kan vere ein aktiv samarbeidspart i infrastrukturbygging.

#### Retningslinjer for infrastrukturfondet:

- 1) Skal bidra til å utvikle fysisk samfunnsinfrastruktur i Lindås kommune som har høg og kollektiv samfunnsnytte.
- 2) Innsatsområder:
  - Samferdsel (Gang- og sykkelveg, friområder, leikeareal, grønstruktur, bane, hamn/kai, energi, breiband, mobil, telekommunikasjon)
  - Tilrettelegging for næringsutvikling
  - Tilrettelegging for bustadutbygging
- 3) Midlane kan nyttast til direkte investering, utgreiingsarbeid, prosjektering, planlegging

og tilretteleggingsarbeid. Midlane kan også nyttast som eigenandel i andre infrastrukturprosjekt.

- 4) Midlane kan nyttast som finansiering av kommunen sin infrastrukturkostnad i utbyggingsavtalar
- 5) Midlane skal ikkje gå til drift og vedlikehald.
- 6) Midlane skal nyttast til prioriterte prosjekt som ikkje blir finansiert med andre kommunale midlar, til dømes gjennom investeringsbudsjettet.
- 7) Fondet skal administrerast og disponerast av Lindås kommune, med formannskapet som fondstyre.

I 2016 legg rådmannen opp til å bruke 2,5 mill. kr av infrastrukturfondet knytt til prosjekt som er regulert av retningslinjene.

DISPOSISJONSFOND - TFAKKSIKRINGSFOND	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
1.1.	0	0	5 200	4 500	3 800
Tidligere løyvd frå disposisjonsfond		1 250			
Tidligere premeipenger overført frå drift		1 050			
Overført frå investeringsfond		2 200			
Overført frå disposisjonsfond		1 300			
Bruk av trafikkisikringsfond		-600	-700	-700	
<b>31.12</b>	<b>0</b>	<b>5 200</b>	<b>4 500</b>	<b>3 800</b>	<b>3 800</b>

Rådmannen foreslår at det opprettast eit eige trafikkisikringsfond i 2016. Fram til 2016 har det vore sett av midlar på både investeringsfond, premiefond og det ordinære disposisjonsfondet. Det er hensiktsmessig å ha trafikkisikringsmidlane samla.

#### Trafikkisikringsfond og koordinator for folkehelse og trafikkisikring

For å sikre gjennomføring av prioriterte planar og trafikkisikringstiltak forslår rådmannen at det blir gjort følgjande grep knytt til trafikkisikring, folkehelse og førebygging.

- 1) Det blir etablert eit trafikkisikringsfond
- 2) Det blir etablert eit 3-årig prosjekt med ein folkehelse- og trafikkisikringskoordinator, så nærare beskriving under tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk.

#### Trafikkisikringsfond:

Kommunen har per november 2015 kr 4,54 mill som er merka «trafikkisikring». Dette er premiepengar, omsøkte midlar og andre frie midlar. I tidlige vedtak (kommunestyresak frå 15.03.2012)

er det prioritert trafikkisikringstiltak og forskotteringstiltak/eigandel knytt til regionale prosjekt. Frå denne lista er det 3 forskotteringstiltak som ikkje er starta opp, med ein totalsum på kr 3,8 mill.

For å sikre at kommunen har midlar til prioriterte trafikkisikringstiltak foreslår rådmannen at det blir etablert eit konkret trafikkisikringsfond. Føremålet med fondet er å finansiere haldningstiltak i Trafikkisikringsplanen og forskottering/eigandel i større regionale prosjekt. Større investeringar på kommunale vegar skal som hovudregel vere ein del av det ordinære investeringsbudsjettet.

Trafikkisikringsplanen skal danne grunnlaget for kva tiltak som skal finansierast gjennom fondet, og det skal gjennomførast årlege vurderingar i samband med budsjettprosessen. Basert på dei behova som er inneverande år legg rådmannen opp til eit fond på kr 5,8 mill. Med kr 4,54 mill frå før betyr det at fondet blir tilført kr 1,26 mill. Dette skal primært dekke kostnaden med forskotterings-tiltaka frå 2012, ein analyse av særleg trafikkfarleg skuleveg og ein 3-årig prosjektstilling som folkehelse- og trafikkisikringskoordinator.

# Økonomiplan for tenesteområda

Skjema 1B, netto driftsutgifter

Rådmannen gjer framlegg om følgjande netto driftsrammer for dei 6 tenesteområda (skjema 1B):

Tenesteområda sine netto driftsutgifter	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
1 Politisk styring	21 532	22 134	21 516	22 056	21 516	22 056
2 Administrativ styring, støttefunksj.	158 534	170 819	64 513	64 013	63 613	63 613
3 Oppvekst	241 351	256 642	375 418	370 818	369 318	368 318
4 Pleie og omsorg	269 047	255 626	253 403	250 803	241 303	239 803
5 Helse og sosial	76 462	74 317	80 080	80 080	80 080	80 080
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	127 928	134 899	145 791	144 291	145 791	145 791
Reduksjon - ikkje fordelt (akkumulert)						-10 000
<b>Sum tenesteområda</b>	<b>894 854</b>	<b>914 437</b>	<b>940 721</b>	<b>932 061</b>	<b>921 621</b>	<b>909 661</b>

Når det gjeld kolonne for budsjett 2015, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30. juni og har ikkje med endringane etter 2. tertialrapportering.

Innsparingstiltaka som vart lagt inn i førre økonomiplanperiode er revidert med omsyn til framdrift og omfang, og rådmannen har lagt til grunn innsparingstiltaka som vart utarbeidd i samband med økonomiplanarbeid juni 2015.

Innsparingstiltak 2016 - 2019

Tiltak/ prosjekt portefølge i økonomiplanperioden	Nye tiltak i 2016	Total årseffekt	Nye tiltak i 2017	Total årseffekt	Nye tiltak i 2018	Total årseffekt	Nye tiltak i 2019	Total årseffekt
<b>Ledelsesfunksjonar:</b>								
Sentraladm - stab/støtte	0,5	0,5	-	0,5		0,5		0,5
Oppvekst	0,7	0,7	-	0,7	-	0,7	-	0,7
Helse og omsorg	0,5	0,5	1,0	1,5	-	1,5	-	1,5
Teknisk	0,5	1,0	-	1,0	-	1,0	-	1,0
<b>Grunnbemannings:</b>								
Oppvekst	1,3	3,2	1,3	6,4		6,4		6,4
Sjukeheimar	4,1	4,1	-	4,1	5,0	9,1	-	9,1
Heimjetjenester	2,0	2,0	0,5	2,5	1,5	4,0		4,0
Eining for funksjonshemma	1,5	1,5	1,5	3,0	1,5	4,5	1,5	6,0
Reduksjon nattevakter	0,5	0,5	0,5	1,0	1,5	2,5	-	2,5
<b>Anna/ Prosjekter på tvers av einingar/ tenesteområder:</b>								
Merkantilprosjekt	0,9	0,9	0,4	1,3	0,4	1,8	-	1,8
Barnehage			1,5	1,5	0,5	2,0	-	2,0
Barnevern - tiltak	-		0,5	0,5	0,5	1,0	-	1,5
Reinhald	0,3	0,3	-	0,3	-	0,3	-	0,3
Teknisk sektor	-	-	2,5	2,5	0,5	3,0	-	3,0
Innsparingsprosjekter, uspesifisert							10,0	10,0
<b>Sum</b>	<b>12,8</b>	<b>15,2</b>	<b>9,7</b>	<b>26,8</b>	<b>11,4</b>	<b>38,3</b>	<b>11,5</b>	<b>50,3</b>

Strategiske satsingsområder

Dei budsjetterte innsparingsprosjekta skal i tillegg til å sikre ein berekraftig økonomisk utvikling, bidra til å skape det naudsynte handlingsrommet for å skape ønska utvikling i Lindås kommune. Dei prioriterte satsingsområda blir også omtalt under beskrivinga av dei ulike tenesteområda i de påfølgjande sidene, men er i hovudsak:

- Sentral innkjøpsfunksjon (tenesteområde administrativ styring og støttefunksjonar)
- Ny barnevernsstilling (tenesteområde oppvekst)

- To stillingar (halvtårseffekt) innan forebyggjande (tenesteområde oppvekst)
- Prosjekt omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering (tenesteområde pleie og omsorg)
- Dagsenter demente
- Verdibevarande vedlikehald veg og eigedom (tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk)
- Ny stilling på planavdelinga (tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk)

- Næringsssjef i 100% (tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk)

- Driftsutgifter til nytt naudnett (tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk)

#### Årsverk

I økonomisk statusrapport for 2. tertial er det utarbeida eit totaloversyn over årsverk for 2015 innanfor dei ulike tenesteområda.

Tenesteområde	2. tertial 2014	1. kvartal 2015	2. tertial 2015	Endring frå førre	% av totale årsverk
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	53	53	53	0	5 %
3 Oppvekst	402	401	393	-7	37 %
4 Pleie og omsorg	372	374	361	-12	34 %
5 Helse og sosial	99	99	102	3	10 %
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	137	142	140	-1	13 %
<b>Sum tenesteområda (2-6)</b>	<b>1 063</b>	<b>1 068</b>	<b>1 050</b>	<b>-18</b>	<b>100 %</b>

Talet på årsverk er redusert med 18 årsverk sidan 1. kvartal 2015. Av dette utgjer 7 årsverk oppvekst, 12 årsverk innan pleie og omsorg gjeld reduksjon sjukeheims plassar (8,87 årsverk) og 2 innan heime-tenesta. I tillegg er 1,8 stilling for hjelpemiddel-formidling flytta frå pleie og omsorg til helse og sosial som følgje av organisatoriske endringar. Helse og sosial er i tillegg auka med 1 stilling på lågterskeltilbodet Aktiviteten hjå NAV. Endringa på samfunnsutvikling og kommunalteknikk er oppretting av feil frå 1. kvartal.

For budsjett 2016 er det lagt inn ein reduksjon i 5 årsverk innan skule, 7,2 årsverk innan pleie og omsorg, 2 årsverk på tvers av tenesteområda knytt til merkantilprosjektet og 2,3 årsverk innan leiging. Innsparinga knytt til reduksjon sjukeheims plassar vart gjort allereie i 2015, og ligg såleis inne i tala for 2. tertial 2015. Det same gjeld innsparing knytt til leiging innan oppvekst.



# Politisk styring

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

1 POLITISK STYRING	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Politisk styring	21 532	22 134	21 516	22 056	21 516	22 056
Endring i % frå budsjett 2015			-2,8 %			

Endringa i nettoramme frå 2015 til 2016 er spesielt knytt til følgjande:

- Val i 2015, 2017 og 2019
- Tilskot kyrkjeleg fellesråd (10,7 mill. kr i tilskot og dekking av renter/ avdrag kyrkja 2,8 mill. kr)

## Godtgjersle til ordføraren og varaordføraren

I følge vedtatt styringstruktur og reglement skal ordføraren sin godtgjersle skal vera ein faktor av godtgjersla til stortingsrepresentantane = 1,21.

Ordføraren får 100% godtgjersle og varaordføraren for 40 % godtgjersle. Per 01.05.2015 er stortingsrepresentant lønn satt til 885 491 kr. Godtgjersle til ordførar blir med dette 1 062 590 kr og 425 040 kr til varaordførar i 2016

## Kontrollutvalet

Det er i budsjettet lagt inn 950 000 kr til kontrollutvalet i 2016, ein vidareføring av ramma som vart sett i 2015.

# Administrativ styring, andre støttefunksjonar

Området Administrativ styring og andre støttefunksjonar omfattar rådmannen og hans leiargruppe, rådgjevarar på økonomi, innkjøp, IKT og prosjekt i tillegg til stabsavdelingane som personal, rekneskap og lønn, post og dokumentsenter og ekspedisjon.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

<b>2 ADMINISTRATIV STYRING, STØTTEFUNKSJONAR</b>	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Rådmannen	123 865	135 299	28 954	28 854	28 454	28 454
Stabstenester	32 797	33 360	34 696	34 296	34 296	34 296
Nhl. Kemnerkontor	1 872	2 160	863	863	863	863
<b>Sum tenesteområdet</b>	<b>158 534</b>	<b>170 819</b>	<b>64 513</b>	<b>64 013</b>	<b>63 613</b>	<b>63 613</b>
Endring i % frå budsjett 2015			-62,2 %			

Forslaget til budsjett 2016 er endra betydeleg frå 2015 grunna endring i organisering. I 2015 lå gjesteelever, skuleskyss (den delen som ikkje ligg direkte på den enkelte skule), tilskot til private barnehager og rådgjevare budsjettert under rådmannen. Desse er no flytta til oppvekst, pleie og omsorg og samfunnsutvikling og kommunalteknikk budsjettert under rådmannen.

Det er i budsjettet for 2016 avsett 12,4 mill. kr til lønsauke inkludert sosiale kostnader for heile kommunen. Det er lagt til grunn ein lønsauke som i statsbudsjettet (2,7 %) frå 2015 til 2016.

I 2016 er det lagt inn innsparingsmål på 0,5 mill. kr innan leiing/ stab/ støtte, samt 0,9 mill. kr på merkantilprosjektet. Dette er prosjekt som skal gå på

tvers av tenesteområda, men innsparinga er budsjettert under rådmannen inntil vidare.

Norhordland kemnerkontor er lagt inn med kommunal drift fram til 01.06.2016, slik at det samsvarer med framlegget til statsbudsjett. I framlegget er det foreslått at skatteoppkrevjerfunksjonen skal statleggjerast, og er tatt ut av rammen frå 1. juni 2016.

Eit av dei strategiske satsingsområda for 2016 er å skape rom for ein overordna innkjøpsfunksjon. Lindås kommune har mangla den overordna innkjøpskompetansen, noko som gjer at innkjøp ikkje har fått den ynska utviklinga. Det er utarbeidd ein eigen innkjøpsstrategi som synar ønska utvikling og organisering. Sentral innkjøpsfunksjon er budsjettert under rådmann i tråd med strategien.

# Oppvekst

Område oppvekst vart etablert frå 1.9.14, og femner i dag om barnehage, grunnskule, vaksenopp- læring, jordmor-, helsestasjons- og skulehelsete- nesta, PPT, ungdomskontakten Salto, Lærings- senter og barnevern.

Eit godt oppvekstmiljø gir den einkilde kjensle av fellesskap, meistring og glede. Utan omsyn til kjønn, alder, bustad, etnisk opphav eller funk- sjonsevne, er dette viktige faktorar i høve til opp- levd livskvalitet.

Gjennom prosjektet *Organisering av område Opp- vekst* har organisasjonen brukt tid på å kartleggje og analysere eigen praksis, for slik å skaffe seg eit samla oversyn over faglege prioriteringar, tiltak og rutinar som er etablert i sektoren. Prosjektarbei- det, med målsetjing om tidleg innsats og auka tverrfagleg samarbeid, har danna grunnlaget for organisering av tenesteområde lagt til Oppvekst- sektoren. Dette er illustrert i justert organisasjons- kart som var gjeldande frå 1.8.15. Med dette er

mellom anna det overordna ansvaret for førebyg- gjande systemtiltak i barnehage og skule lagt til stab oppvekst (Zippy, MOT, Art, DUÅ, Seim gard).

Med fokus på tverrfagleg samarbeid, førebyggjan- de arbeid, faglege prioriteringar knytt til innhaldet i tenestene, har ein frå 1.8.15 tatt til med planpro- sess knytt til etablering av ein kommunedelplan for Oppvekst. Prosjektet skal vere avslutta haust 2016, og vil då kunne ut i ein *Kvalitetsplan for Oppvekst*. Auka tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats er ei overordna målsetjing også for dette arbeidet.

Kvalitetsplanen skal skildre behov og prioriterte tiltak i ein 12 års periode, og dannar utgangspunkt for ein 4-årig handlingsdel på kommunenivå og verksemdsplanar på einingsnivå/avdelingsnivå. Handlingsdelen skal reviderast årleg. I dei lokale verksemdsplanane kjem i tillegg prioriteringar ved den einkilde avdeling.

## Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

3 OPPVEKST	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Stab oppvekst			121 618	120 718	120 218	120 218
Lindås vaksenopplæring	11 762	8 967	1 665	1 665	1 665	1 665
PPT		6 051	7 578	7 578	7 578	7 578
Kommunale barnehagar	23 048	22 608	26 045	26 045	26 045	26 045
Helsestasjonar		6 889	6 966	6 966	6 966	6 966
Barnevern	31 130	35 305	37 640	37 140	36 140	35 140
Grunnskule	175 411	176 822	173 906	170 706	170 706	170 706
<b>Sum tenesteområdet</b>	<b>241 351</b>	<b>256 642</b>	<b>375 418</b>	<b>370 818</b>	<b>369 318</b>	<b>368 318</b>
Endring i % frå budsjett 2015			46,3 %			

Hovudendingane frå budsjett 2015 til 2016 under oppvekst går på at tilskot til private barnehagar, utgifter knytt til gjesteelevar og skuleskyss og rådgjevarar er flytta frå tenesteområde adminis- rativ styring til oppvekst. I tillegg er spesialpeda- gogikk flytta frå læringscenter til skule og barne- hage.

I budsjett for 2016 er det lagt inn innsparing på fem årsverk innan skule. Den tidlegare budsjetter- te effekten av nedlegging av Myking skule er tatt bort frå 2016. I 2017 er det lagt inn ein ytterligere innsparing på 5 årsverk innan skule.

Barnevern har hatt ein kraftig auke i tal saker samt i utgifter knytt til plassering av born dei siste åra. Rådmannen har difor lagt inn ei auke på 1 årsverk til denne tenesta. Den tidligare budsjetterte inn- sparinga innan barnevern er flytta frå 2016 til 2017 og 2018. Innsparinga kan først gjerast etter at det har vore gjennomført eit prosjekt som går djupare inn i tenesta og ser både på mulige innsparingsom- råder og konsekvensar av dette.

Rådmannen har lagt inn 2 årsverk til førebyggjan- de arbeid i økonomiplanen, med verknad frå 1.8.16. Plassering av desse årsverka er tenkt løyst gjennom arbeidet med kvalitetsplanen.

## Barnehagar

Alle barn som fyller 1 år før 1.september i opptaksåret har rett på barnehageplass jf. Lov om barnehage § 12a Rett til plass i barnehage: "Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt."

Det er kommunen sitt ansvar å til ei kvar tid ha nok barnehageplassar. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov.

Lov om barnehage plasserer ansvaret for barnehagetilbodet på kommunane jfr § 8: "Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jfr. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov."

Det er eit tett og godt samarbeid mellom kommunale og private barnehagar kring opptaket og kring tilpassinga av tilstrekkeleg med barnehageplassar. Det er og eit godt samarbeid med månedlege møte kring område innanfor andre faglege og strategiske område i tråd med signal og satsingar frå regjeringa og Lindås kommune.

Lindås kommune har følgjande tre kommunale barnehagar:

Kommunale barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.9.2015			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Haugen	14	25	53	9,0	3,0	5,9
Kolås	20	29	69	12,0	4,0	5,7
Juvikstølen	40	85	165	27,6	10,0	6,0
<b>Sum</b>	<b>74</b>	<b>138</b>	<b>287</b>	<b>48,6</b>	<b>17,0</b>	<b>5,9</b>

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Utan einingsleiar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling

## Private barnehagar

I Lindås kommune er det 13 private barnehagar. Dette er følgjande barnehagar:

Private barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2014			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Alversund montessorri	18	36	73	12,4	4,0	5,8
Hundvin naturbarnehage	10	20	40	6,6	3,0	6,1
Kløvheim barnehage	12	13	36	7,0	2,0	5,2
Knarvik barnehage	47	71	165	28,8	15,4	5,7
Leknes barnehage	28	48	103	17,0	9,4	6,1
Natås barnehage	10	22	42	9,0	3,0	4,7
Nordhordland barnehage	5	12	21	4,4	2,0	4,7
Ostereidet barnehage	19	42	79	12,4	5,0	6,4
Seim barnehage	27	55	108	18,7	7,0	5,8
Solhaugen barnehage	25	55	105	16,4	6,8	6,4
Trollskogen barnehage	28	64	120	23,1	6,5	5,2
Smilehullet familiebarnehage	5	6	15	2,3	0,3	6,4
Wilhaven familiebarnehage	4	6	14	2,4	0,3	5,8
<b>Sum</b>	<b>236</b>	<b>449</b>	<b>920</b>	<b>160,5</b>	<b>64,8</b>	<b>5,7</b>

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Tala inkluderer styrar sin administrasjonsressurs, eksklusiv spes ped tiltak

Tala i tabellen byggjer på teljing pr 15.12.2014. Det er også born som bur i Lindås kommune som nyttar plass i andre kommunar, til dømes i Austrheim, Meland og Bergen.

Den kommunalt utrekna satsen pr. plass vert etter dette som følgjer:

Satsar	Vedtatt sats 2015	Budsjett 2016	Endring i %
Små born	175 895	180 639	3 %
Store born	83 987	86 084	2 %

#### Lindås vaksenopplæring

Lindås vaksenopplæring gjev norskopplæring for vaksne innvandrarak og flyktningar i Lindås, i tillegg til grunnskuleopplæring for vaksne. Lindås kommune tek også i mot elevar frå andre kommunar.

#### Læringscenteret

Læringscenteret er frå 1.8.15 lagt under Knarvik barneskule og gir særskild tilrettelagd opplæring/spesialundervisning for born og vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik. Tilsette ved Læringscenteret har, i samarbeid med helsestasjonen og kommunepsykolog for barn og unge, ansvaret for implementering av Zippy i grunnskulen.

#### PPT

Pedagogisk psykologiske teneste (PPT) har som oppgåve å utarbeide sakkunnig vurdering etter oppmelding for førskulebarn, grunnskuleelevar og vaksne. PPT skal og arbeide med systemtiltak. Rettleiing til føresette, barnehage og skule er ein del av dette arbeidet. PPT har også ansvaret implementering av programmet De utrolige årene i barnehagar og skular.

#### Helsestasjon for born og unge

Skule- og helsestasjonstenesta yter helsetenester til born i alderen 0-18 år – til dømes sped- og småbarnkontroll, vaksinasjon, faste kontrollprogram til grunnskule elevar.

Elevar i vidaregåande skule har rett på helsetenester frå kommunen. Helsestasjon er tilgjengeleg for elevane på Knarvik vidaregåande skule kvar dag i veka. Skulen har ca. 1000 elevar.

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod til ungdom, også til elevar i vidaregåande skular. Tilbodet er eit samarbeid mellom Radøy og Lindås.

#### Ungdomskontakten Salto

Ungdomskontakten Salto er eit rus- og kriminalitetsførebyggjande lågterskel tilbod for ungdom mellom 13 og 20 år lokalisert til Knarvik senter. Tiltaket er interkommunalt og er finansiert av Nordhordlandskommunane og Knarvik senter. Salto tilbyr kommunane gruppetilbod knytt til bruk av verktyet Art. Tiltaket er frå haust 2015 lagt under oppvekst.

#### Barnevern

Føremålet med tenesta er definert i barnevernlova §1-1. Barneverntenesta si oppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dette ved å gje råd og rettleiing, treffe vedtak, førebu saker til fylkesnemnd/rett og setje i verk og følgje opp tiltak. Dette inneber tilsyn med organisering, styring og kvalitet i undersøkingar og val av tiltak.

Barneverntenesta er hendelsesstyrt og har opplevd ei stor auke i arbeidsoppgåver, klientomfang og krav til kompetanse dei siste åra.

Barnevernstenesta er delt opp i hjelpetiltak, omsorgstiltak, familierettleiing, ettervern og bukollektiv for einslege mindreårige flyktningar.

#### Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet).

Satsingsområda for dei kommunale grunnskulane i Lindås er skildra i Strategiplanen for skule 2014-2018, og femner om områda:

1. Vurdering og klasseleiing
2. Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning
3. Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter
4. Ungdomstrinnet meir praktisk retta

Frå haust 2013 har ein arbeidd med verktøyet Lese-Los for systematisk oppfølging av den einskilde elev si leseutvikling, med positive tilbakemeldingar frå skulane på dette arbeidet. Skuleeigar legg til rette for at arbeidet held fram.

Ungdomstrinn i utvikling- ein meir praktisk, variert og meir relevant undervisning som er eit statleg satsingsområde som ein no er i slutfasen av. Satsinga har hatt tre sentrale verkemiddel: skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Alle skular med ungdomstrinn får tilbod om å delta. Skulane har også innført arbeidslivsfag og valfag på alle trinn.

### Skulefritidstilbod

Skulefritidsordninga skal gje elevane på 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn.

### Oversyn over dei kommunale skulane i Lindås kommune:

Barneskulane:

Barneskular	Elevar	Årsverk 1)	Årsverk 2)	Elevar pr. årsverk 1)
Alversund	368	32,01	34,59	11,5
Knarvik	220	18,27	20,89	12,0
Lindås	195	16,93	19,35	11,5
Ostereidet	107	11,2	12,5	9,6
Leiknes	165	11,67	13,35	14,1
Eikanger	82	6,54	7,38	12,5
Kløvheim	35	4,21	4,84	8,3
Myking	46	6,27	6,75	7,3
Seim	156	10,6	11,88	14,7
<b>Sum</b>	<b>1374</b>	<b>117,7</b>	<b>131,53</b>	<b>11,7</b>

Det er i snitt 11,7 elevar pr. årsverk lærar i dei kommunale barneskulane dette skuleåret. Tilsvarande tal for 2014/15 var 10,5.

Ungdomsskulane:

Ungdomsskular	Elevar	Årsverk 1)	Årsverk 2)	Elevar pr. årsverk 1)
Knarvik	327	32,52	36,71	10,1
Lindås	108	10,3	13,01	10,5
Ostereidet	111	12,51	13,84	8,9
<b>Sum</b>	<b>546</b>	<b>55,33</b>	<b>63,56</b>	<b>9,9</b>

Det er i snitt 9,9 elevar pr. årsverk lærar i dei kommunale ungdomsskulane dette skuleåret. Tilsvarande tal for 2013/14 var 9,1.

1) Tal årsverk til undervisning (ord + spesped+min.spr+ ?). GSI-ramme C7.			
2) Tal årsverk utført av undervisningspersonale totalt (inkl andre oppg til anna enn underv). GSI-ramme C24.			

### Bruk av andre opplæringsarenaer

All undervisning skal vere tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten (Opplæringslova § 1-2 Formålet med opplæringa). Tilpassa opplæring kan også gjevast utanfor skulen sitt område i deler av undervisningstida. Opplæring på andre arenaer enn skulen vert ofte omtala som "smågruppetiltak". Lærartettleiken er større enn det ein finn til vanleg i skulen. Innhaldet er ofte praktisk arbeid kombinert med skulefag.

Kommunen har det p.t. eit eksternt organisert smågruppetilbod – Seim gard. I tillegg kjem Læringscenteret, som i praksis fungerer som ein «alternativ skuledag» for elevar som har dette tilbodet.

# Pleie og omsorg

Tenesteområdet omfattar forvaltningskontor, sentralkjøkken, sjukeheimstenester, heimetenes-ter, bufellesskap, dagtilbod, avlastning og støtte-

kontaktar. Nytt av året (2016) prosjektavdeling omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

4 PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Stab pleie og omsorg		2 318	5 739	5 139	3 639	3 639
Forvaltningskontoret	37 867	14 843	9 904	9 904	9 904	9 904
Sentralkjøkken	8 798	9 067	9 143	9 143	9 143	9 143
Sjukeheimstenester	75 716	77 565	72 595	72 595	67 595	67 595
Heimeteneser	82 112	84 740	85 432	84 932	83 432	83 432
Tenester for funksjonshemma	64 554	67 093	70 590	69 090	67 590	66 090
<b>Sum tenesteområdet</b>	<b>269 047</b>	<b>255 626</b>	<b>253 403</b>	<b>250 803</b>	<b>241 303</b>	<b>239 803</b>
Endring i % frå budsjett 2015			-0,9 %			

Tenesteområde pleie og omsorg er 2 mill lågere i 2016 enn i 2015, en reell reduksjon på om lag 9 mill. kr korrigert for lønns og prisauke. Dette skuldast i hovudsak reduksjon av 11 sjukeheimplassar som vart gjennomført hausten 2015. I tillegg reduserast talet sjukeheimplassar med 3 i 2016 for å finansiere auka dagtilbod for demente. I tillegg er det lagt inn innsparing på 2 mill innan heimetenes- ta og 1,5 mill innan eining for funksjonshemma i 2016. Bustadkontoret som i 2015 låg under for- valtningskontoret er frå 2016 organisatorisk flytta til eigedom, tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk.

Frå 2015 til 2016 er det ein del interne endringar innan tenesteområdet. Hovudendringane er at tenestekjøp som tidlegare var budsjettert under forvaltningskontoret no er flytta til eining for funk- sjoshemma. Til tross for budsjetterte innsparingar har det vore ein netto auke (korrigert for interne flyttingar på tenesteområdet) på 1,2 mill under eining for funksjonshemma. I tillegg til lønns- og prisstigning, skuldast denne auken i hovudsak auka tal dagplasser, både kjøp eksternt og på ei- gen dagavdeling.

Den prioriterte auken på tenesteområdet er styr- king og koordinering av omsorgsteknologi, kjøp av teknologisk utstyr og oppretting alarmsentral. I tillegg er det eit stort fokus på kvardagsrehabilite- ring. Desse satsingsområda er frå 2016 samla i ein felles prosjektavdeling som ligg under kommunal- sjef helse og omsorg.

## Dagtilbod for demente

Dagtilbodet for demente er for lavt dimensjonert i forhold til behov. Det er lagt inn eit nytt dagsenter lokalisert til Såta bu og servicesenter. Dette kjem i tillegg til eksisterande dagsenter i Alversund og Lindås. Oppretting av nytt dagtilbod vert finansi- ert ved å redusere tre sjukeheimplassar. Dette då eit utvida dagtilbod venteleg vil gje mindre behov for sjukeheimplassar. Behovet for sjukeheims- plassar kan likevel bli større som følgje av andre forhold. Faglege og økonomiske effektar av det utvida tilbodet vil verte evaluert januar 2017 og tatt med i det politiske strategiarbeidet våren 2017.

Prosjektavdeling – omsorgsteknologi, kvardagsre- habilitering og lokal alarmsentral

Lindås kommune sitt hovudmål innan helse og omsorg er å styrke innbygarane si evne til å mestre eige liv. Omsorgsteknologi, kvardagsreha- bilitering og lokal alarmsentral er viktige prosjekt og verkemiddel for å lykkast med å nå hovudmål- et.

Omsorgsteknologi og lokal alarmsentral er del av nasjonale forskingsprosjekt og det er derfor sær- sars viktig at vi lykkast med desse prosjekta. Omsorgs- prosjekta er difor samla i ei eiga prosjektavdeling for å sikre fokus og gjennomføringsevne.

Samarbeidspartnare i ulike fasar av gjennom- føringa er mellom anna Høgskulen i Bergen, Hel- sedirektoratet, KS og NHO.

## Forvaltningskontor

Forvaltningskontoret fattar vedtak etter Lov om helse og omsorgstenester. Dei fleste tenestene vert utførte og budsjettert i andre einingar.

I tillegg til løn til dei tilsette ved kontoret, omfattar utgiftene også utgifter til omsorgsløn.

## Sentralkjøkken

Avdelinga leverer mat til kommunale sjukeheimar, heimebuande sjuke og uføre, seniorsentra kantine, dagsenter, sengepost ved Nordhordland legevakt og mat til møter og kurs.

## Sjukeheimar

Eininga omfattar følgjande tenester: Korttids plassar, avlastning, langtids plassar, dagtilbod og aktivitetstilbod.

Det er etter rådmannen sitt framlegg 107 heildøgns plassar og 8 dagplassar fordelt på Knarvik sjukeheim, Såta bu- og servicesenter og Lindås bu- og servicesenter.

Eininga skal gje ei god kvalitetssikra teneste gjennom involvering tilpassa den enskilde brukar sine behov.

## Heimetenesta

Eining for heimetenesta gjev tilbod til heimebuande personar. Hjelpetilbodet er individuelt tilpassa,

og kan variere frå ein time i veka til 24 timar i døgeret.

Heimetenesta omfattar følgjande tenester: mat-ombringning, heimehjelp, tryggleiksalarm, heime-sjukepleie, hjelp til medisiner, avanserte 24-timarstilbod i brukarane sine heimar og dagsenter for demente.

Heimetenesta består av fem avdelingar som har ansvar for kvar sine geografiske område.

## Tenester for funksjonshemma

Eining for funksjonshemma gir tenester til personar med nedsett funksjonsevne.

Eininga organiserer støttekontaktenester til alle aktuelle brukargrupper og har aktivitetsbasert avlastning.

Det er 6 bufellesskap (45 bustader), avlastingsbustad, dagsenter og privat avlastning. Eininga består av 6 avdelingar. Tenestene vert individuelt utforma ut frå behov for hjelp, rettleiing, omsorg og helsehjelp.

Eininga har som mål at brukarane skal oppleve god livskvalitet og høg grad av brukarmedverknad. For avlastingstilboda er målet at brukaren skal ha gode opplevingar og kjenne seg trygg, og at foreldre/føresette skal oppleve reell avlastning frå tyngjande omsorgsoppgåver.



# Helse og sosial

Tenesteområdet består av eining for helsetenester, legevakt og eining for sosiale tenester.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

<b>5 HELSE OG SOSIAL</b>	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Helsetenester	41 975	39 750	39 377	39 377	39 377	39 377
Nordhordland legevakt	6 487	6 843	10 289	10 289	10 289	10 289
Sosiale tenester	28 000	27 724	30 414	30 414	30 414	30 414
<b>Sum tenesteområdet</b>	<b>76 462</b>	<b>74 317</b>	<b>80 080</b>	<b>80 080</b>	<b>80 080</b>	<b>80 080</b>
Endring i % frå budsjett 2015			-0,9 %			

Korrigert for lønns og prisauke er tenesteområde helse og sosial er 3,4 mill. kr høgare i 2016 enn i 2015. Dette skuldast i hovudsak at dei øyremerka midlene, 3,4 mill. kr, til øyeblikkelig hjelp døgnplassar er innlemma i rammetilskotet for 2016. I tillegg er ramma for sosiale tenester auka, knytt til sak 55/15 i KO 2015, auka tal flyktningar. Korrigert for lønnsauke er helsetenester redusert med om lag 1,3 mill. Av dette skuldast 0,9 mill. kr at ungdomskontakten Salto er flytta frå tenesteområde Helse og sosial til Oppvekst. I tillegg har det vore ein reduksjon i budsjett for lønnsutgifter. Budsjettet samsvarar med vedtakstimar på bufellesskap og tal heimler på hjelpemiddelformidling.

Eining for Helsetenester:

Eininga omfattar helsestasjons- og skulehelseteneste, jordmorteneste, kommunepsykologteneste, fysio- og ergoterapiteneste, hjelpemiddellager, legeteneste og psykisk helse og rus. Det kan vera hensiktsmessig å skilja mellom førebyggjande og behandlande tenester.

## Førebyggjande tenester

Skule- og helsestasjonstenesta er ein del av eining for helsetenester og ligg under tenesteområde Oppvekst der det vert nærare omtala.

## Behandlande og rehabiliterande tenester

Fysioterapi- og ergoterapiteneste er behandling og opptreningstenester samt tilrettelegging av bustader til alle aldersgrupper. Fysioterapitenesta vert dels ytt med egne tilsette, dels av private med eller utan driftsavtale.

## Psykisk helse og rus

Avdelinga gjev tenester til menneske som har psykiske vanskar og/eller rusproblem. Tenester etter vedtak og lågterskel tilbod utan vedtak, til dømes dagsentertilbod.

Utøvande tenester som avdelinga gjev:

- Støttesamtalar – kontor/heimebesøk
- Bustadoppfølging og butrening
- Medisinoppfølging
- Dagsenteret Ankeret i Knarvik, ein møteplass for dei som ikkje er i stand til å vera i eit arbeidsopptreningsopplegg, men som ønskjer å vera i eit sosialt fellesskap
- Ner Kolås, eit arbeids- og aktivitetssenter med fokus på arbeidstrening og aktivitet i eit trygt sosialt fellesskap
- Gruppeaktivitet for ungdom
- Lågterskel psykologtilbod til vaksne
- Rådgeving internt til personalet og eksternt til samarbeidande tenesteytarar
- Omsorgsbustader med heildøgns omsorg:
  - Knarvik-Røsvikdalen (6 bustader)
  - Lindås-Krossleitet (6 bustader)
- Fritidskalenderen er eit lågterskel tilbod på ettermiddag og helg
- Stig inn – aktiv kvardag er eit lågterskel arbeids- og aktivitetstilbod i det kommunale rusarbeidet.

## Nordhordland legevakt:

Interkommunal legevakt er eit akutt legetilbod for alle innbyggjarane i Nordhordland som utgjer legevaktsentral, legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgnsender (ØHD-senger). Interkommunal legevakt er eit samarbeid mellom alle Nordhordlandskommunane (inkludert Gulen og Osterøy).

Frå 01.01.2016 blir det ein plikt for kommunane å tilby døgnopphald for personar med akutt behov for hjelp.

#### NAV

Eining for sosiale tenester omfattar økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, kvalifiseringsordninga, rusvern, midlertidig bustad, gjeldsrådgjeving og busetting av flyktningar.

Målet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette skal ein oppnå gjennom å yte tenester som er enklare for bruka-

rane og som er tilpassa deira behov. NAV Lindås legg vekt på å ha ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Utbetalinga av sosialstøtte har flata ut i høve til i fjor. Det same gjeld talet på sosialhjelpsmottakarar. I august 2015 starta lågterskeltilbodet, *Aktiviteten* opp. Dette er eit tilbod for unge og har som mål å redusera sosialhjelpsutbetalingane. Tiltaket har blitt svært godt motteke.

Det er busett 45 flyktningar i 2015, 12 meir enn kommunestyret sitt vedtak . Auken skuldast familiegjenforeningar.

# Samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Sektoren samfunnsutvikling og kommunalteknikk femner om fagområda brann, eigedom, teknisk drift, kultur, plan, byggesak, geodata, landbruk og næring. Fellesnemnaren for desse fagområda er ekstern samfunnsutvikling, samfunnsplanlegging, forvaltning og drift. Fagområda bidrar til planlegge, forvalte, legge til rette for og gjennomføre ei ønskt samfunnsutvikling. I utviklingsprogrammet Lindås 2019 blir det særleg lagt vekt på å bygge opp eit heilskapleg plansystem, kor det er ein «raud tråd» frå planstrategi og overordna planar til planar på einings- og avdelingsnivå. Denne sektoren bidrar til å bygge opp og utvikle eit slikt plansystem.

Hausten 2015 blei det etablert eit organisasjonsutviklingsprosjekt for sektoren, kor målet er å sjå på oppgåver og organisering som skal sikre meir heilskapleg samfunnsutvikling, brukarorientert forvaltning og effektiv drift. Mellom anna blir det viktig å sikre kompetanse og kapasitet til å gjennomføre store planleggingsoppgåver og utviklingsprosjekt. For å gjennomføre den nye områdeplanen for Knarvik sentrum, er det viktig at kommunen tar ein aktiv rolle med å planlegge og legge

til rette for infrastruktur. Det vil vere behov for prosjektersursar over lengre tid. På Mongstad vil det også vere behov for at kommunen tar ei aktiv rolle og det blir mellom anna jobba med å lage ein masterplan for infrastruktur i området.

Gjennom Lean-prosjektet på byggesak har avdelinga jobba med brukarorientert forvaltning, og då har avdelinga mellom anna hatt tett dialog med næringa gjennom fleire dialogmøter. Fleire andre einingar og avdelingar i sektoren vil i løpet av 2016 ta i bruk Lean som eit verktøy for kontinuerlig betring og betra brukarfokus. Gjennom IKT-satsinga blir det også jobba med å utvikle digitaliserte tenester og sjølvbetening innanfor dei tekniske tenestene.

Eit viktig satsingsområde for dei kommunale bygga og kommunale vegane er å sikre meir verdibevarande vedlikehald, som gir lengre levetid og høgare standard. I 2015 blei det mellom anna gjennomført eit større kartleggingsarbeid for dei kommunale bygga, som skal vere grunnlaget for ein framtidretta vedlikehaldsstrategi. Målet er å ha eit system som sikrar 70 % planlagt vedlikehald. I dag ligg dette på ca 30 %.

## Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

6 SAMFUNNSUTVIKLING OG KOMMUNALTEKNIKK	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk			1 678	-822	-1 322	-1 322
Plan og utvikling	5 758	6 225	6 383	6 383	6 383	6 383
Byggesak	2 552	1 913	1 474	1 474	1 474	1 474
Landbruk og miljø	1 955	2 455	2 586	2 586	2 586	2 586
Geodata og oppmåling	1 878	1 419	2 340	2 340	2 340	2 340
Næring		763	1 183	1 183	1 183	1 183
Teknisk drift	16 009	17 192	21 046	21 046	21 046	21 046
Eigedom	52 970	54 649	78 475	79 475	81 475	81 475
Reinhold	20 764	21 323				
Brann	12 608	13 167	14 410	14 410	14 410	14 410
Kultur og aktiviteter	13 436	15 793	16 216	16 216	16 216	16 216
<b>Sum tenesteområdet</b>	<b>127 928</b>	<b>134 899</b>	<b>145 791</b>	<b>144 291</b>	<b>145 791</b>	<b>145 791</b>
Endring i % frå budsjett 2015			8,1 %			

Tenesteområdet samfunnsutvikling og kommunalteknikk har auka med 10,1 mill. kr frå 2015 til 2016. Korrigert for lønnsauke på alle avdelingane skuldast endringane på tenesteområdet følgjande: Det er lagt inn ein auke i planstilling som vert 50% gebyrfinansiert i 2016. Budsjettet for byggesak er lågare i 2016 grunna endra organisering. Geodata

og oppmåling har ein auke som følgje av lågare gebyrinntekter. Næring har ein auke som følgje av at samarbeidet med Austrheim kommune er avslutta. Austrheim har tidligare dekkja 50% av næringssjef stillinga. På teknisk drift er det lagt inn ein auke på vegvedlikehaldet med 3 mill kr, i tillegg til auke på vintervedlikehaldet som følgje av nytt

anbod på tenesta. Eigedom, som og inkluderar reinhald frå 2016, har ein auke på 2,5 mill kr i hovudsak grunna auka satsing i verdibevarande vedlikehald. Inntektene knytt til husleige på Ikenberget (Brann og driftsstasjon) har auka i 2016, samstundes som bustadkontoret er flytta frå tenestemråde Pleie og omsorg til eigedom. Branneinvinga har ein auke på 1,2 mill kr frå 2015 til 2016 som følgje av endringar for Lindås og Meland brannvern. Lønsområdet er auka med 1,1 mill kr frå 2015 som følgje av pensjonsavsetning (og avgift) på alle stillingane. Husleiga er auka med 0,4 mill kr og utgifter til naudnetter auka med 0,25 mill kr. Lindås sin del av utgiftene ved operativ avdeling av brannvernet er ca 67%.

Planlagt innsparing under samfunnsutvikling og kommunalteknikk på 2,5 mill frå 2017 er budsjettert under stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk.

### Næring

Lindås og Austrheim har hatt ein felles nærings-sjef/samfunnsutviklar sidan 2010. Samarbeidet er organisert som eit prosjekt og blir avslutta 31.12.2015. Frå 01.01.16 vil Lindås ha ein nærings-sjef i full stilling. Mongstad har vore utgangspunktet for samarbeidet med Austrheim, og vil fortsatt vere eit hovudfokusområde vidare. Samstundes er det viktig å ha fokus på andre næringsutfordringar andre stader i kommunen. Mellom anna vil nærings-sjef ha ei rolle i utviklinga av Knarvik. Næring jobbar også med nettverksarbeid mellom kommunar og med regionalt utviklingsarbeid i Nordhordland og i Bergensregionen. Nærings-sjef er også sakshandsamar for Lindås kommune sitt næringsfond. Prioriteringane til næringsapparatet vil i 2016 bli tydeliggjort gjennom overordna planarbeid.

### Næringsfondet

Næringsfondet er eit utviklingsverktøy for å stimulere til utvikling av eit bredt næringsliv. Per nov. 2015 er det disponibelt ca kr 370.000 på fondet. Rådmannen har gjort framlegg om å overføre 200 000 kr frå generelt disposisjonsfond til næringsfond, jamfør rådmannens framlegg til vedtak.

### Kultur og aktivitetar

I 2015 blei eining for kultur flytta over frå oppvekst til samfunnsutvikling og kommunalteknikk. Kultureringa organiserer kulturskulen, bibliotek, frivillighetsentral og fritidsklubbar. Kultur jobbar

målretta etter gjeldande kulturplan og innafor eit bredt fagfelt, sentrale satsingsområder er:

- Frivillig sektor
- Fritidstilbod til barn og unge
- Kunst og kulturformidling
- Idrett og friluftsliv
- Kulturvern og museum
- Kultur og næring

For 2016 har kommunen fått tildelt fylkeskommunale midlar for å drive folkehelsearbeid. Eininga vil ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Det er oppretta eit kulturråd i kommunen som skal ivareta interessene til lag og organisasjonar. Eininga vil i 2016 arbeide vidare med å få til eit endå betre samarbeid med det nye rådet og frivilligheten i kommunen og vil søkja om eksterne prosjektmidlar til dette.

### Folkehelse- og trafikksikringskoordinator

Det er behov for ressursar i organisasjonen som jobbar med folkehelse, førebygging og trafikksikring, spesielt med planlegging og med systembygging. Lindås kommune har lenge satsa på trafikksikring og førebygging, men har ikkje hatt ein full stilling som kan jobbe med planlegging og prosjekt. For å sikre at Lindås kommune blir ein god og framtidsretta kommune innan folkehelse, førebygging og trafikksikring, etablerer vi eit 3-årig prosjekt kor vi tilsett ein folkehelse- og trafikksikringskoordinator. Denne stillinga skal bidra med å systematisere arbeidet med folkehelse og trafikksikring. Kostnaden med prosjektstillinga er på kr 2,1 mill, og blir dekkja av trafikksikringsfondet. Lindås kommune har også fått kr 300.000 frå Hordaland Fylkeskommune til å dekke ein ressurs innan folkehelse. Totalsum som blir dekkja av trafikksikringsfondet for prosjektstillinga blir då kr 1,8 mill.

### Plan, byggesak, landbruk og geodata

I 2015 blei plan, byggesak, landbruk og geodata etablert som egne sjølvstendige avdelingar. Desse fagområda spelar ei sentral rolle i planlegging, forvaltning og gjennomføring av ønskt utvikling.

Avdelingane utfører mellom anna:

- Forvaltningsoppgåver for plan- og byggesak etter plan- og bygningslova, ureiningslova og lov om eigarseksjonar.
- Utarbeiding av overordna kommuneplanar og offentlege reguleringsplanar knytt til sentrumsområde, trafikktryggleik, infrastruktur og andre prioriterte føremål.

- Forvaltningsoppgåver for kart- og oppmålingsarbeid etter delingslova, adresse-/stadnamnarbeid, etablering av geodetisk grunnlag, drift av geografiske informasjons-system (GIS) og drift av matrikkel.

#### Teknisk drift

Eining for Teknisk drift består av kommunale vegar, vatn og avløp, renovasjon og slam.

Lindås kommune leverar vatn til private hushald og bedrifter, samt Austrheim kommune. Eininga handterer også mottak og handsaming av avløpsvatn frå hushald og bedrifter, og privat slamrenovasjon gjennom tømning av private septiktankar. For renovasjon ligg fagansvar i Lindås kommune for interkommunal renovasjonsordning (NGIR)

Eininga står også for drift, vedlikehald og forvaltning av kommunale vegar, i tillegg til drift og vedlikehald av veglys på kommunale og private vegar.

Oversikt kommunale vegar:

- Kommunal vegbane utgjer 213 km + eit titals km fortau/gang og sykkelveg, samt diverse plassar, omsett til 219 kilometer veg.
- Fast dekke utgjer 192 km
- Grusdekke 39 km

Fast dekke har normalt ein varigheit på 20 -25 år på lågtrafikkvegar. Stor trafikkbelastning kan føre til kortare levetid, kanskje ned mot ei halvering.

I 2015 er det gjennomført ei tilstandsanalyse på alle kommunale vegar i Lindås, analysa skal danne grunnlaget for prioriteringar på vegvedlikehaldet i Lindås, som igjen skal vere ein del av hovudplan på veg. Basert på tilstandsanalysa har rådmannen lagt inn 3 mill. kr ekstra i 2016.

Brann- og redningsteneste:

Brann og redning er organisert som ei eiga eining og består av fagområda:

**Brannførebygging:** Tilsyn med branntryggleik i større bygg, samt generelt informasjons- og motivasjonsarbeid. Interkommunalt organisert teneste for 9 kommunar med Lindås kommune som vertskommune.

**Feiing:** Feiing og førebyggjande tilsyn i private heimar. Samarbeid med Meland kommune. Feiing vert som hovudprinsipp utført kvart anna år hjå abonnentane. Tilsyn kvart 4 år.

Brann- og redningsteneste: Akuttberedskap og utrykking ved brann, ulukker og oljeutslepp. Samarbeid med Meland kommune.

#### Eigedom

##### Drift og vedlikehald av bygg

Eigedomseininga forvaltar, driftar og vedlikehald kommunalt eigde og til dels leigde eigedomar. Dette inkluderer mellom anna oppfølging av of-fentlege pålegg innanfor til dømes brannførebygging, helse, miljø og tryggleik. Det gjeld også drift og vedlikehald av kommunen sine uteområde, leikeplassar og idrettsanlegg.

##### Prosjektering og utbygging

Eininga har ansvar for utarbeiding og gjennomføring av alle nye prosjekt og er bindeledd mellom kommunen og entreprenørar i prosjektgjennomføringa.

I 2015 blei det utarbeida ein vedlikehaldsplan og behovsanalyse for dei kommunale bygga. Denne skal danne grunnlaget for ein vedlikehaldsstrategi som skal sikre 70% planlagt vedlikehald. Det vert i dag gjennomført vedlikehald når det oppstår akutte behov, og gjennomføringa av vedlikehald er ikkje forankra i ein strategisk plan. Målsetnaden er gjennom ein god plan å koma tidlegare inn med gjennomføringa av vedlikehald, slik at dei akutte og kostnadskevande vedlikehaldstiltaka på sikt kan fasast ut. Vedlikehaldsstrategien legg opp til ein syklus som sikrar at alle bygg blir prioritert kvart 4. år.

Basert på tilstandsanalysen på dei kommunale bygga blir det forslått å lage ein opptrappingsplan for vedlikehaldsarbeidet, og rådmannen har lagt inn 3 mill. kr i 2016, en auke med ytterligere 1 mill. kr i 2017 og ytterligere 2 mill. kr i 2018.

For å sikra ei god planlegging og oppfylging av investeringsprosjekta, inkludert skjerpa krav til helse, miljø og tryggleik, er det viktig å ha nok kompetanse og kapasitet på prosjektavdelinga. Innkjøp av tenester er også blitt stadig meir krevjande i høve til eit komplisert innkjøpsreglement. Tilsetning av ein innkjøpar vil vere eit viktig tiltak for å kvalitetssikre og gjennomføre gode innkjøpsprosessar. I løpet av 2015 har eigedomseininga også fått på plass system som skal sikre prosjektstyring og oppfølging av prosjekta. Dette vil bli vidareutvikla i åra som kjem.


# Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet omfattar investeringar i anleggsmidlar, utlån og eventuelle forskoteringar. Budsjettet skal syna korleis desse investeringane er planlagt finansiert.

## Innleiing

Lindås kommune har dei seinare åra gjennomført store investeringar, noko som har ført med seg ein stor auke i lånegjelda. Dersom ein trekk vekk den samla gjelda for lån til vidare utlån (husbankordningane) av det totale lånebeløpet, får vi den utviklinga som er vist under. Tala er basert på vedtekne investeringar for tidlegare år, og for åra 2015-2018 er rådmannens forslag i økonomiplanen lagt til grunn. I 2013 og 2014 er lånet Lindås Kyrkjelege fellestråd tek opp i samband med bygging av ny kyrkje i Knarvik lagt inn (totalt 54,1 mill. kr). Det er Lindås kyrkjelige fellestråd som tek opp lånet, men Lindås kommune er garantist og betalar renter og avdrag.

Grafen synar investeringar i rådmannens framlegg til investeringsbudsjett i 2016 – 2019:



Frå 2006 til 2019 har lånet auka frå 330 mill. kr til 1162 mill. kr. Det er slik rådmannen vurderer det heilt naudsynt å få ei kraftig utflating av denne gjeldsveksten. Anten ved å investere mindre eller ved å driftsfinansiere investeringane. Det har vore ein strategi for Lindås kommune å bruke meir av dei ekstraordinære inntektene til å finansiere investeringane, og det

I rekneskapen for 2014 betalte Lindås kommune om lag 61 mill. kr i renter og avdrag, noko som med ei lånegjeld på 1,145 mrd. kr og 4 % rente vil auka til om lag 83 mill. kr. i året.

Dagens rentenivå er vesentlig lågare enn tidligare år, og det er svært viktig å vurdere dagens låneopptak opp mot kva renteutgiftene vil bli med en høgare rente. Dette for å sikre at Lindås kommune vil vere i stand til å innfri sine gjeldsforpliktingar i dei seinare år utan at det går dramatisk ut over tenestetilbodet til innbyggjarane.

Følgjande tabell kan illustrera effekten av renter og avdrag i driftsrekneskapen (rentenivå 4 %, avdragsperiode 30 år):

Med 2,5% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	291 667	583 333	1 458 333	2 916 667	5 833 333

Med 4% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	366 667	733 333	1 833 333	3 666 667	7 333 333

Oversyn

Når det gjeld kollonna for budsjett 2016, inneheld denne rådmannens forslag til endringar i samband med 2. tertialrapport 2015.

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Sum 2016-2019
1	Investering administrasjonsbygg	Løpande	3 600	2 000	2 000	2 000	9 600
	<b>Sum administrasjonsbygg (delsum)</b>		<b>3 600</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>9 600</b>
2	Leiknes skule Storstove	38 575	32 926	2 000			34 926
3	Ny Alversund barneskule inkl hall	249 000	5 000	80 000	70 000	70 000	225 000
4	Rive rektorbustad Eikanger skule	500	500				500
5	Bustad Seim GBNR 172/59 - riving	500	500				500
6	Tomt ny Alversund barneskule						
7	Knarvik barneskule (ny)	175 000	1 800	55 000	70 000	47 900	174 700
8	Ny skule Eikanger/ Kløvheim	115 000				45 000	45 000
9	Leikeplassutstyr	Løpande	250	250	250	250	1 000
10	Investering skulebygg	Løpande	2 400	5 000	5 000	5 000	17 400
	<b>Sum skulebygg (delsum)</b>		<b>43 376</b>	<b>142 250</b>	<b>145 250</b>	<b>168 150</b>	<b>499 026</b>
11	Nordhordlandshallen, nytt dekke	5 000		5 000			5 000
12	Kvassnesstemma friluftsområde	1 000	400				400
13	Sikring av friområde i Kvamsvågen	500	200				200
14	Utvikling av vei/parkering + kjøp av vei Kvamsvågen	1 500	1 500				1 500
15	Utstyr Nordhordlandshallen	Løpande	200	200	200	200	800
16	Investering Knarvik stadion	600	600				600
17	Idrett, anlegg og anleggsutstyr	2 600	2 600				2 600
18	Investering Kultur og idrett	Løpande	500	200	200	200	1 100
	<b>Sum kultur og idrett (delsum)</b>		<b>6 000</b>	<b>5 400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>	<b>12 200</b>
19	Investering barnehagebygg	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
	<b>Sum barnehagebygg (delsum)</b>		<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>4 000</b>
20	Nye bustader rus og psykiatri	10 700	10 700				10 700
	Minibuss og bil med rullestolheis		1 400				1 400
21	Investering bustader	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
	<b>Sum bustader helse og sosial (delsum)</b>		<b>14 100</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>20 100</b>
22	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
23	Sansehage	750	100				100
24	Bufellesskap	16 000	10 000	6 000			16 000
	<b>Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)</b>		<b>11 100</b>	<b>7 000</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>20 100</b>
25	Kyrkjeleg fellesråd		500	500	500	500	2 000
	<b>Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)</b>		<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>2 000</b>
26	<b>Sum vann</b>		<b>43 000</b>	<b>56 000</b>	<b>61 000</b>	<b>14 000</b>	<b>174 000</b>
27	<b>Sum avløp</b>		<b>14 500</b>	<b>20 300</b>	<b>17 200</b>	<b>11 100</b>	<b>63 100</b>
28	<b>Sum veg</b>		<b>18 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>15 300</b>	<b>67 300</b>
29	<b>Sum Brann</b>		<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>2 000</b>
30	Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
31	Offentlige pålegg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
32	Utvikling Knarvik	25 000	10 000	5 000	5 000	5 000	25 000
33	Digitalt byggesaksarkiv		2 000				2 000
34	Infrastruktur		7 500				7 500
35	Digitalt kartverk		250	250	250	250	1 000
36	Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
37	IKT-anlegg		3 300	2 500	2 500	2 500	10 800
38	Egenkapital innskot KLP		2 400	2 400	2 400	2 400	9 600
	<b>Sum andre tiltak på tvers av tenesteområda</b>		<b>33 950</b>	<b>18 650</b>	<b>18 650</b>	<b>18 650</b>	<b>80 300</b>
	<b>Brutto investeringar</b>		<b>189 626</b>	<b>272 600</b>	<b>266 500</b>	<b>234 600</b>	<b>963 326</b>

	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Sum 2016-2019
Investeringar finansiert av kommunale inntekter	132 126	196 300	188 300	209 500	726 226
Investeringar finansiert av gebyr vatn og avløp	57 500	76 300	78 200	25 100	237 100
	<b>189 626</b>	<b>272 600</b>	<b>266 500</b>	<b>234 600</b>	<b>963 326</b>



## Finansiering

I tillegg til dei brutto investeringane skal også opptak av nye Husbanklån, og avdrag på slike, finansierast:

FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Sum 2016-2019	
Brutto investeringar	0	189 626	272 600	266 500	234 600	963 326
Avdrag på formidlingslån		15 300	16 600	18 000	18 000	67 900
Formidling av Husbanklån		30 000	15 000	15 000	15 000	75 000
<b>Sum finansieringsbehov</b>		<b>234 926</b>	<b>304 200</b>	<b>299 500</b>	<b>267 600</b>	<b>1 106 226</b>

Sum finansieringsbehov blir finansiert slik:

FINANSIERING	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Sum 2016-2019
<b>Lån</b>					
Husbanklån	0	15 000	15 000	15 000	45 000
Generelle investeringar	0	24 098	117 261	86 221	227 580
Avløpsrensaneanlegg	14 500	20 300	17 200	11 100	63 100
Vassverk	43 000	56 000	61 000	14 000	174 000
<b>Sum låneopptak</b>	<b>57 500</b>	<b>115 398</b>	<b>210 461</b>	<b>126 321</b>	<b>509 680</b>
Mottekne avdrag på formidlingslån	15 300	16 600	18 000	18 000	67 900
<b>SUM EKSTERN FINANSIERING</b>	<b>72 800</b>	<b>131 998</b>	<b>228 461</b>	<b>144 321</b>	<b>577 580</b>
<b>Anna finansiering</b>					
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)	26 025	37 860	37 260	41 500	142 645
Driftsfinansiering (fond for omtvista eideomsskatt)	47 618	76 683			124 301
Driftsfinansiering (disposisjonsfond)				48 000	48 000
Driftsfinansiering eideomsskatt	31 379	31 379	31 379	31 379	125 516
Driftsfinansiering (infrastrukturfond)	2 500				2 500
Statlig investeringstilskot, bufelleskap		5 880			5 880
Salg av tomt i Galteråsen, seksjoneres før salg	18 000				18 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	2 400	2 400	2 400	2 400	9 600
Bruk av tidlige lånemidler, startlån	30 000				30 000
Sponsormidler/ tilskot frå bygda Hall Alversund		8 000			8 000
Tilbakebetaling av forskottering Statens vegvesen		10 000			10 000
Fondsmidler sal av bustader	4 204				4 204
<b>SUM INTERN FINANSIERING</b>	<b>162 126</b>	<b>172 202</b>	<b>71 039</b>	<b>123 279</b>	<b>528 646</b>
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>234 926</b>	<b>304 200</b>	<b>299 500</b>	<b>267 600</b>	<b>1 106 226</b>

## Kommentarar til prosjekta

### 1) Investering administrasjonsbygg:

Budsjettet er tenkt brukt til å gjere utbetringar og tilpassingar av inngangspartiet på rådhuset, for å gjere det til eit meir tenleg service- og publikumsområde og for å betre tryggleiken til dei tilsette. Inneklima i rådhuset er ikkje tilfredstillande på grunn av dårleg ventilasjon. Det er påpeika under vernerundar og stadfesta gjennom tilsette med helseutfordringar. Det blir jobba med å finne løysingar som ikkje gjer det naudsynt å skifta ut heile ventilasjonsanlegget. Å skifta heile anlegget vil koste langt meir enn den ramma som er til rådvelde.

### 2) Storstove på Leiknes skule:

Entreprenøren jobbar med å få byggjeløyve og vil starte med arbeidet i årsskiftet 2015/2016. Det er

lagt inn at kommunen vil få dekkja 4 mill. kr i tippemidler og 1,5 mill. kr frå bygdelaget. Tippemidlane vil først kunne inntektsførast når dei vert utbetalt, og vil derfor ikkje vere ein del av finansieringa av investeringar før om fleire år.

### 3) Alversund barneskule, inkl hall:

Det er budsjettert med ein ny skule på ny tomt aust for eksisterande skule. Målet er å få skule og hall ferdig i 2019. Prosjektet startar på byggeprogram og arbeidet med regulering og kjøp av tomt. Budsjettet er basert på ei skule for 450 elevar og ei hall med storleik som på Søreide skule (1070 m<sup>2</sup>). Byggeprogram vil avdekke behova nærare.



#### 4) Rive rektorbustad Eikanger skule

Den gamle rektorbustaden på Eikanger skule er i dårleg stand og er stengd av. Bygget blir rive eller brent ned i 2016.

#### 5) Rive bustad Seim, GBNR 172/59 ved Seim skule

Tomten til denne bustaden skal inngå i utearealet til skulen. Det er avtalt med brannvesenet at dei skal få nytte bustad til brannøving. Nabovarsling er sendt ut og det er ikkje kome inn merknadar.

#### 6) Ny tomt Alversund barneskule:

Aust for dagens skule er det i dag sett av eit område for skule, men denne tomta er for liten. Området for skule, uteområde, tilkomstveg og parkering må regulerast. Det blir forhandlingar om kjøp av tomt. Av omsyn til forhandlingane er ikkje sum satt inn i investeringsbudsjettet.

#### 7) Knarvik barneskule (ny):

Byggeprogrammet for prosjektet er ferdig og det er etablert ein prosjekttreileiar for gjennomføring av samspelsfasen. Det skal bli ein framtidretta, likeverdig skule for alle, kor rammene for god læring er lagt. Det blir bygd ein skule for 350 elevar, men den blir dimensjonert slik at ein kan utvide til 450 elevar. Reguleringsplanane rundt Lonene og i Knarvik legg til rette for befolkningsauke. Kostnadsramma er rekna til 175 mill. I områdeplanen for Lonelva og Juvikvarden er det sett av ny tomt for barneskulen. Tomta er på 23 dekar. Ny Knarvik barneskule er planlagt ferdig til skuleåret 2019.

#### 8) Ny skule Eikanger/ Kløvheim

I samband med planprosess knytt til Kommunedelplan for skule 2014-2018, vart det 21.05.2015 fatta vedtak om at Lindås kommune skal starte opp prosjekt med mål om å byggje ny skule for Kløvheim og Eikanger skular. Rådmannen skal leggje fram framlegg til mandat for dette prosjektet i løpet av første kvartal 2016. I budsjettet er det lagt til grunn ein ny skule for inntil 200 elevar.

#### 9) Leikeplassutstyr

Det er sett av ei ramme kvart år til nye leikeapparat.

#### 10) Investering skulebygg

Skular som ikkje er prioriterte med nybygg /større rehabilitering, treng også oppgradering. (jfr. kommunedelplan). Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

#### 11) Nordhordlandshallen – nytt dekke

Golvet i fotballhallen har slitaskadar og det er behov for å skifte det ut i perioden. Vi bør gjere ei utgreiing om vi skal byte til nytt kunstgras eller leggje parkett. I utgreiinga må vi ta omsyn til behov, driftskostnader, levetid, inneklima og kva som er best eigna. Denne vurderinga vil kome som ein del av rullering av kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

#### 12) Kvassnesstemma friluftsområde

Det står att ein del for å fullføra prosjektet når det gjeld utbetring av veg og mudring langs strendene. I tillegg blir det vurdert ein overbygd paviljong utan veggjar som nyttast av barnehageborn og andre.

#### 13) Sikring av friområde i Kvamsvågen:

Vegen bak nausta treng ei opprusting, då denne er delvis vaska ut.

#### 14) Utvikling av vei/ parkering, samt kjøp av veg Kvamsvågen:

Eigar av veg ned til friområdet ynskjer ein avtale med kommunen om overtaking av denne vegen på visse vilkår. I reguleringsplanen er det vist ei utvikling av vegen og tilrettelegging av nye parkeringsplassar. For at friområdet skal kunne nyttast for alle, må ein ha moglegheit til å kjøre bil ned vegen og ha handicap-plassar nede ved friområdet.

#### 15) Utstyr Nordhordlandshallen:

Det er behov for å utbetre sikkerhetsnett og skilleveggjar i fotballhallen. I tillegg er det behov for ei vogn for å sikre og transportere golvplater og anna utstyr.

#### 16) Investering Knarvik stadion:

Det er behov for meir lagringsplass for utstyr på stadionområdet. Rubbhallen, som i dag blir delt mellom kommunen og Knarvikmila, er i dårleg

stand, i tillegg til at den er for liten. Kommunen utstyr står i dag utandørs.

#### **17) Idrett, anlegg og anleggsutstyr:**

Knarvik stadion fekk i 2015 nytt dekke, men kommunen har ikkje utstyr for å koste og halde banen fri for gras og anna. Det same gjeld det nye idrettsanlegget på Lindås. Det er behov for å kjøpe ei maskin som vi kan koste, brøyte, klippe og suge opp i sandfangskummer med. Denne kan nyttast av eigedom og teknisk drift.

Lysanlegget i Nordhordlandshallen må bytast ut. Dette vil betre tryggleiken og straumkostnadane går ned. Lysanlegget er i dag mellombels sikra, slik at det held seg på plass og ein må nytte kampbelysning for å få tilfredsstillande lys i hallen.

#### **18) Investering kultur og idrett:**

I 2015 vart inngangspartiet til biblioteket prioritert utført innanfor ramma, og Håkonshaugen vart derfor flytta til 2016. Prosjektet har vore i dialog med fylkeskommunen. Hordaland Fylkeskommune viste til at minnesmerket slik det framstår i dag, har stort forbettringspotensiale. Murar og opparbeiding frå tidleg 1960-tal framstår slitt og lite knytt til landskapet ikring. Hordaland Fylkeskommune ynskjer at vi ser på ei løysing der vi på sikt fjernar unødvendige konstruksjonar rundt Håkonshaugen. På denne måten blir haugen meir i samanheng med landskapet, Seimsfjorden og bygda. På sikt vil dette gje kommunen eit enklare anlegg å vedlikehalde og drifte. Prosjektet har kostnadsrekna tiltaket til 750.000kr, og har søkt om 300.000kr i BARK midlar. (Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner)

#### **19) Investering barnehagebygg:**

Det er behov for oppgradering ved fleire av dei kommunale barnehagane i Lindås kommune. For 2016 er det eit spesielt behov på Kolås barnehage og dei fleste midlane vil bli nytta der. Her treng vi ventilasjonsanlegg, utbetring på det tekniske anlegget, utviding av uteområdet med meir.

#### **20) Nye bustader (rus/psykiatri):**

Dette er såkalla «hardbruksbustadar» for leigetakarar som av ulike årsaker treng ekstra robuste bustadar, for å avgrense slitasje og hyppig rehabilitering. Det er ikkje avsett tomt til føremålet og dette må avklarast i fyste fase.

#### **21) Minibuss og bil med rullestolheis:**

Det er behov for ein minibuss for å kunne gje nye og eksisterande brukarar på dagsenteret eit felles tilbod. Det er per i dag utfordringar knytt til bygningsmessig kapasitet, og ein minibuss vil kunne legge til rette for eit nytt felles utetilbod som krev mindre ressursar enn tilbodet som er i dag.

Eining for funksjonshemma har ein bil med rullestolheis, som må skiftast ut grunna stor slitasje og behov for større kostnadskrevjande reparasjonar. Eksisterande bil er 2001-modell. Pris ny bil med rullestolheis 750 000 kr.

#### **22) Investering bustader:**

Det er eit stort behov for rehabilitering av bustadmassen, kommunale utleigebustader blir slitt og må rehabiliterast ved utflytting. Det er behov for sikring i høve til brann for brukarar med fysiske handikap og andre som treng assistert røming. Bruken av bustadar endrar seg stadig og med det kjem det andre krav og behov slik at bustadar også må endrast.

#### **23) Investering institusjonsbygg og omsorgsbustader:**

Midlar til mindre utvendig og innvendig rehabilitering av kommunale institusjonar og omsorgsbustader, inkludert oppgradering av brannsikring og andre tekniske anlegg. Her ser vi særskilt behov for å oppgradere fleire bustader til risikoklasse 6, for å dekke behovet for egna bustader.

#### **24) Sansehage:**

Anleggsarbeidet med sansehagen på Lindås bu- og servicesenter er godt i gang, men planting og ferdigstilling av området må vente til våren 2016.

#### **25) Bufellesskap:**

Bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Første fase av prosjektet er starta og det vil bli jobba med byggjeprogrammet i 2016. Tomt og plassering er ikkje avklart.

#### **26) Kyrkjeleg fellelsråd:**

Fellelsrådet får overført midlar frå kommunen til å investera i mindre anleggsmidlar, til dømes utstyr og mindre rehabilitering/utskifting på bygg.

## 27) Vatn

Under investeringane for vatn ligg samanbinding av hovudvassverket Storavatnet og Kløve vassverk, med ny leidning mellom Kleivdal og Fammestad. Vidare inngår slutføring av utskifting av gammal hovudleidning over Tveiten i Alversund, samt ny sjøleidning Kvamsvåg – Remme. Desse siste inngår i del av styrkinga av vassforsyninga til Alverstraumen/Hilland og framtidig samanbindingsystem mot Radøy.

På Mongstad er det planlagt oppstart av nytt behandlingsanlegg, samt fullføring av nytt leidningsnett ned til BOH-kaien. Utanom dette kjem ulike mindre utbyggings- og oppgraderingsanlegg, samt mykje planarbeid i høve storutbyggingane på Mongstad og i Knarvik.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til omfattande investeringar for å styrke drikkevassforsyninga på Mongstad, med fullføring av hovudreinseanlegget og ny stor overføringsleidning Sjursetvatn – Litlås, samt del i ny overføring frå Tykheldervatn og til Sjursetvatn.

## 28) Avløp

Investeringane under avløpsbudsjettet er lagt opp til å omfatte nye avløpsløysingar på Mongstad Sør, ny pumpestasjon i Alverstraumen og oppstart hovudreinseanlegg på Kvassneset i Knarvik. Vidare inngår mindre prosjekter innan VA- oppgraderingar og -utskiftingar ulike stader.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til omfattande investeringar i avløpsoverførings-systemet frå Alverstraumen og til Knarvik, samt avløpsutbygging, inkludert hovudreinseanlegg på Mongstad Sør.

## 29) Veg

Oppgraderinga av Kleivdalsvegen er planlagt ferdigstilt i budsjettet for 2016.

Dei kommunale bruene og kaiene har eit dokumentert etterslep på vedlikehald og er difor høgt prioritert i budsjettet.

I tillegg er det ved kartlegginga til hovudplan for kommunale vegar påvist eit stort etterslep på dei kommunale vegdekka (29,3 mill). Rådmannen ynskjer å starte å ta igjen dette i budsjettet, med fortsetting utover i økonomiplanen.

For å møte utfordringane med ekstremnedbør i samband med klimaendringane vil det også vere fokus på forsterking av overvasssystema og rassikring av sideterreng i budsjett- og økonomiplan.

Det vil tilsvarande også bli sett inn arbeid med å tryggje vegar med usikre kantar med stålrekkverk og betongkantar.

Forutan nemnde tiltak, er følgjande punkt med i oppsettet til rådmannen sitt budsjett og økonomiplan:

Fornyng av driftsmidlar, nye vegskilt, vegmerking kommunale vegar, mindre trafikk sikringstiltak, saltlager, vegutbetring Øvre Veland, vegutbetringar på Hopsdalsvegen, mindre utbetringar Bergås, Reikerås, Erstad og Bjørnevoll.

## 30) Brann

Utskifting av driftsmidler: Kontinuerlig utskifting/kjøp av nye kjøretøy, nødvendig utstyr og utstyr for å tilfredsstille krav til «rein brannmann».

## 31) Universell utforming/ særlig tilrettelegging:

Denne posten skal nyttast om det til dømes kjem elevar på skulene med særlege behov for tilrettelegging. Avvik i høve til vernerundane blir også lagt inn i denne posten.

## 32) Offentlige pålegg:

Dette er ein post for å lukke avvik som følgjer av offentlege pålegg. Døme på dette er brannavvik, krav om fettutskiljar, utfasing av oljekjeler osv.

## 33) Utvikling av Knarvik

I kommunestyremøte 18.06.15 (sak 60/15) blei det vedtatt ein plan for kva rolle kommunen skal ta i gjennomføringa av områdeplanen for Knarvik sentrum. Mellom anna skal kommunen aktivt jobbe vidare med utbyggingsavtalar, prosjektering av grunnleggjande infrastruktur, planarbeid og utgreiingar knytt til parkering. For å kome i gang med utviklingsarbeidet blir det sett av kr 25 mill i økonomiplanperioden, dette vil i hovudsak bli nytta til planlegging, prosjektering og direkte investering. Midlane kan også nyttast til forskotering av større infrastrukturprosjekt (døme: E39), prosjektleiing og som fondsmidlar i samband med utbyggingsavtalar.

## 34) Digitalt byggesaksarkiv:

Lindås kommune har i dag eit manuelt arkiv for eldre byggesaker og det blir brukt mykje tid og ressursar på å hente ut desse opplysningane manuelt, både til eige bruk og til publikum. Eit digitalt byggesaksarkiv vil vere eit særskilt viktig verktøy for å modernisere og profesjonalisere denne delen av

forvaltninga. Det vil gje betre arbeidsprosessar, noko som er eit viktig mål for Lindås 2019. I tillegg vil det vere mulig for innbyggjarar sjølv å søke opp sentrale opplysningar via nettsidene. Målet med eit digitalt byggesaksarkiv er:

- Betre service til kommunen sine innbyggjarar
- Digitalisering av tenester og arbeidsprosessar
- Enklare tilgjenge på dokumentasjon for saks-handsamarar og innbyggjarar.
- Raskare sakshandsaming
- Muligheit for auka inntening på ulike tenester

### **35) Infrastruktur:**

I økonomiplanen for 2015 – 2018 blei det satt av kr 5 mill til å investere i grunnleggjande samfunns-infrastruktur, som er viktig for busetting og attraktivitet i Lindås. I 2015 blei det prioritert kr 2,5 mill som eigenandel i utbygging av mobildekning i Lindås. Ramma på kr 7,5 mill kan brukast til prioriterte infrastrukturprosjekt som ikkje er lagt inn som egne prosjekt i investeringsbudsjettet. Retningslinjer for bruk av midlane er lagt inn under «Infrastrukturfond» på side 15 i dette dokumentet.

### **36) Digitalt kartverk:**

Investeringar i nytt digitalt kartverk i samsvar med godkjent Geovekstavtale av 27. august 2015. På grunn av stor aktivitet i kommunen er det lagt inn midlar til nykartlegging FKB-data og Orthofoto (flyfoto) i enkelte område av kommunen.

### **37) Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar:**

Dette kan vere mindre tomtekjøp eller grensejusteringar av strategiske eller praktiske omsyn.

### **38) IKT-anlegg:**

Investeringar i samsvar med kommunen sin vedtekne IKT-strategi. Dei siste åra i økonomiplanen må ein koma attende til i samband med revideringa av strategien.

### **39) Egenkapitalinnskott KLP**

Lindås kommune bytta pensjonsleverandør til KLP frå 01.01.2014. KLP er eit medlemseigd selskap, og det er derfor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunens del av selskapets totale forvaltning.



**SÆRUTSKRIFT FRÅ MØTEBOK 11. november 2015**

Møtestad : Lkf sine kontor i Lonsvegen 1

Tilstades : Kåre Leivestad, Alf T. Seim, Leif R. Fiske, Karstein Kleiveland, Johan Lygre,  
Jorunn Nøttveit, Berge Toppe, Åge Palmesen (vara)

Kyrkjeverje Torgeir Paulsen frå administrasjonen

Forfall: Jorunn H. Kvalvågnes, May Eva Sandvik (kommunal repr.), Geir Sørebo,

.....

Lindås kyrkjelege fellestråd har fatta følgjande vedtak i sitt møte 13. oktober 2015:

**SAK 86/15 Søknad til Lindås kommune om driftsmidlar for budsjettåret 2016**

Vedtak:

Lindås kyrkjelege fellestråd søker for budsjettåret 2016 om eit driftstilskott på NOK 10.700.000. Lkf søker i tillegg kompensasjon for løns- og prisvekst lik den som kommunen sjølv får frå staten.

**SAK 87/15 Søknad til Lindås kommune om investeringsmidlar for budsjettåret 2016**

Vedtak:

1. Lindås kyrkjelege fellestråd søker for budsjettåret 2016 om ordinært investeringstilskott med NOK 500.000 til laupande investeringar, større vedlikehald og utskiftingar.
2. For utbetaling av taket på Hundvin kyrkje viser Lkf til eigen søknad av 22. april 2015.
3. Fellestrådet vil kome attende til Lindås kommunestyre med prioritert plan for utbetalingar av kyrkjebygga i samband med budsjettarbeidet for 2017.

Vedtaka var samrøystes.

For Lindås kyrkjelege fellestråd,

  
Torgeir Paulsen

Kyrkjeverje i Lindås